


NYTT OM NAMN

Meldingsblad for
Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)

Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)

Vidar Haslum (vidar.haslum@uis.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegranskning
Universitetet i Oslo

Nr. 55 – 2012

Redaksjonen vart sluttførd 30. september 2012

Adresser m.m.

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknamnelag.no.

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium,
Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro:
6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske
studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske
studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo.
Tlf. 22 85 43 78.

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på
heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til
redaksjonen.

INNHOLD

LEIAR

Olav Veka: Og så kom høringsrunden.....	5
---	---

NORSK NAMNELAG

Olav Veka: Innkalling til landsmøte i Norsk namnelag.....	6
---	---

Olav Veka: Innbyding til konferanse. Norsk namnegransking i krise?	7
---	---

STADNAMNTENESTA

Line Lysaker Heinesen: Klagenemnda for stedsnavnsaker 2011	8
--	---

NORMERING OG BRUK AV NAMN

Utdrag av høringsfråsegner til framlegget til endring av lov om stadnamn	9
---	---

Olav Veka/Norsk namnelag: Høringsfråsegn til Kulturdepartementet	23
---	----

Ole-Jørgen Johannessen/Samarbeidsnemnda for namnegransking: Høringssvar til Kulturdepartementet	26
--	----

NORNA-NYTT

Krister Vasshus: Den femtande nordiske namnforskarkongressen.....	27
---	----

FN-NYTT

John Jensen: Referat fra UNGEN Norden Divisions møde 10. juni 2012 i København	29
---	----

Leif Nilsson: FN-konferens i New York med norskt presidentskap. FN:s högkvarter, New York, 30 juli–10 augusti 2012.....	31
--	----

Botolv Helleland: Rapport fra deltaking i FNs 10. konferanse om normering av stadnamn. New York 31. juli–9. august 2012	32
--	----

ANNA MELDINGSSTOFF

Botolv Helleland: Johan Anthon Schulze 1924–2012.....	36
---	----

Dietlind Kremer: Namnegranskaren Ernst Eichler død	37
--	----

Jarle Halvég: Samling etter Øystein Frøysadal.....	38
--	----

Botolv Helleland: Ole-Jørgen Johannessen 70 år	39
--	----

Line Lysaker Heinesen: Navnevandring 14. september	40
--	----

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Namnet på Kolbotn skole	40
-------------------------------	----

AKTUELLE NAMNEPROSJEKT

Rapport om stadnamninsamling og stadnamngransking levert Kulturdepartementet. Innleiing, samandrag og konklusjonar.....	41
--	----

Ole-Jørgen Johannessen: Situasjonen for navnegransking ved universiteter og høgskoler	46
--	----

BOKOMTALAR

Olav Veka: Stadnamn på Öland.....	50
-----------------------------------	----

Olav Veka: Namnemiljø og samfunn	51
--	----

Olav Veka: Nytt hefte av <i>Sveriges medeltida personnamn</i>	52
---	----

Frode Myrheim: Band 10 av <i>Bustadnavn i Østfold</i>	53
Olav Veka: Flått og hantikk og <i>Norsk Ordbok</i> band X.....	55
Ola Stemshaug: Gardshistorie med fagleg sans for namn	57

LEIAR

OG SÅ KOM HØYRINGSRUNDEN

I skrivande stund er høyringsrunden om framlegg til endring i lov om stadnamn avslutta. Høyringa er ei oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007–2008).

Sidan denne saka fyrst vart teken opp av representanten Olemic Thommessen (H, Oppland) med bakgrunn i ein namnestrid på Toten, stod også partikollegaen Øyvind Halleraker (H, Hordaland) bak framlegget 18. desember 2008 om å gje grunneigarar større innverknad i namnesaker, i praksis korleis gardsnamn skal skrivast på offentlege kart.

På høyringa i familie- og kulturkomiteen den 21. oktober 2008 gjekk eit samla fagmiljø, også Kartverket, imot å gjera slike endringar. På møtet fekk politikarane støtte av nokre grunneigarar, men innvendingane vart ikkje tekne omsyn til. Skuffande nok var det i behandlinga i Stortinget i januar 2009 ikkje mogleg å registrera noko gjennomslag for dei innvendingane som hadde kome fram frå fagmiljøet og Kartverket på høyringsmøtet i komiteen.

Av dei noko under hundre høyringsfråsegnene som i dag ligg ute på KUDs nettsider, går Norsk namnelag og tunge institusjonar som universiteta, Språkrådet og Kartverket klart imot den føreslegne endringa, men slik den politiske utviklinga har vore hittil, er det liten grunn til å venta noko gjennomslag for innvendingane. Slik sett er det dessverre ein viss grunn til å tru at både høyringa på Stortinget i 2009 og den siste høyringsrunden mest er ledd til avkryssing i eit saksbehandlingssystem. Dei same argumenta har gått igjen i heile denne prosessen.

Grunnen til at eg er skeptisk og kritisk til utfallet av heile den politiske prosessen, er at han eigentleg ikkje handlar om faglege eller karttekniske argument slik ein kan få inntrykk av, men om ei allmenn liberalisering i samfunnet med overføring av rettar frå statlege organ til private og individuelle interesser. At det nettopp er partiet Høgre som har drive denne saka gjennom, er symptomatisk i så måte, kanskje meir overraskande er det at både Arbeidarpartiet og Venstre har slutta seg til på vegen.

Ei liknande liberalisering har me sett i lova om personnamn frå 2003. Kvifor skulle lov om stadnamn frå 1990 vera eit unntak? At Noreg i tilfelle vert det einaste landet i Europa med privatnormerte namn på offisielle kart, ser tydelegvis ikkje ut til å gjera nemnande inntrykk.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NORSK NAMNELAG

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det blir med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag fredag 23. november 2012 kl. 16.00. Stad: Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo.

Sakliste:

1. Verksemda i Norsk namnelag 2009–2012
2. Tidsskriftet *Namn og Nemne*
3. Meldingsbladet *Nytt om namn*
4. Heimesida
5. Rekneskap
6. Lovendring
7. Medlemskap i Kulturvernforbundet? Sjå <http://kulturvern.no>.
Medlemsavgift kr 1000 i året.
8. Arbeidet framover
9. Val i samsvar med lovene
10. Ymse

Innkalling og sakliste er også lagde ut på heimesida www.norsknamnelag.no.

Lovendring

Styret føreslår å endra § 3: «Styret kallar inn til landsmøte minst ein månad i førevegen. Innkallinga skal vere skriftleg og skal sendast kvar lagslem. Dersom styret finn det føremålstenleg, kan innkallinga kunngjerast i tids-skriftet eller meldingsbladet.»

Framlegg til ny ordlyd:

Styret kallar inn til landsmøte minst ein månad i førevegen. Innkallinga skal kunngjerast i meldingsbladet og på nettstaden.

§ 7: «Framlegg til lovbrigde må sendast styret, som sender det ut til uravrøysting mellom medlemene innan 6 månader. Vedtak om lovbrigde krev eit fleirtal på to tredjepartar av dei som har delteke i uravrøystinga, og som på førehand har betalt årspengane.»

Framlegg til ny ordlyd:

Framlegg til lovbrigde må sendast styret, som kunngjer det innan 6 månader på nettstaden og i meldingsbladet. Vedtak om lovbrigde krev to tredjedels fleirtal på landsmøtet.

På heimesida har styret også lagt ut eit framlegg om endring i vedtektena frå medlem Jostein Valved.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

INNBYDING TIL KONFERANSE NORSK NAMNEGRANSKING I KRISE?

Norsk namnelag har teke initiativet til ein konferanse om den vanskelege situasjonen innanfor norsk namnegransking, både fagleg, økonomisk og når det gjeld ressursar generelt og arkivsituasjonen med spreidde namnesamlingar utan ei overordna styring. Inviterte er representantar frå dei akademiske instusjonane, Kartverket, Språkrådet og Kulturdepartementet.

Stad: Språkrådet, møterom 70, Observatoriegård, 1 B, Oslo

Tid: Fredag 23. november 2012, kl. 10.00–16.00

Inga konferanseavgift

Program

- | | |
|-------------|--|
| 10.00–10.05 | Olav Veka (leiar, Norsk namnelag): Opning av konferansen |
| 10.05–10.50 | Inge Særheim (UiS): Den akademiske situasjonen (fagleg, stillingar, ressursar) |
| 11.00–11.45 | Gunnstein Akselberg (UiB): Arkivsituasjonen: Lov om stadnamn føreset oppdaterte og tilgjengelege arkiv |
| 11.45–13.00 | Lunsj |
| 13.00–13.45 | Anne Svanevik (Statens kartverk): Situasjonen for Kartverket |
| 14.00–14.45 | Einkvan frå Språkrådet/Stadnamntenesta |
| 15.00–15.30 | Andre inviterte |
| 15.30–16.00 | Kva no? Oppsummering. Tiltak |

Etter konferansen blir det halde landsmøte i Norsk namnelag (kl. 16.00–18.00).

Hola i programmet vil bli fylte ut etter kvart, følg med på heimesida.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

STADNAMNTENESTA

KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVNSAKER 2011

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde bare ett møte i 2011, og det ble avholdt i Gaustadalleen 25 den 28. november. Ni saker ble behandlet på møtet, og for første gang var samiske navn og adressetilleggsnavn blant sakene.

	Påklaget navneform, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
1	Manglende vedtak om samiske navneformer, Narvik, Nordland	tettstedsnavn (tre navn) og bynavn (ett navn)	samiske parallellnavn	saken sendes tilbake til kommunen så de kan vedta samiske navn etter stedsnavnloven
2	Navneleddet -slætt, Rissa, Sør-Trøndelag	naturnavn (tre navn)	-slett	-slætt
3	Indre, Ytre og Midtre, Rissa, Sør-Trøndelag	løst sammen-satte naturnavn (tretten navn)	Inner, Ytter, Mitter	Inner, Ytter, Midter
4	Navneleddet Groft-, Vefsn, Nordland	gårds- og bruksnavn (ett navn) og naturnavn (to navn)	Grøft-	Grøft-
5	Snilldalen og Snilldalsli, Snillfjord, Sør-Trøndelag	naturnavn og gårdsnavn	Snildalen og Snildalsli	Snilldalen og Snilldalsli
6	Torgårdsvegen og Torgårdstrøa, Trondheim, Sør-Trøndelag	adressenavn	Torgardsvegen og Torgardstrøa	Torgardsvegen og Torgardstrøa
7	(Nedre) Tanberg, Ringerike, Buskerud	bruksnavn	Tandberg	saken utsatt
8	Avslag på Fredheim som adressetilleggsnavn, Nes, Akershus	adresse-tilleggsnavn	Fredheim som adresse-tilleggsnavn	Fredheim godkjennes som adressetilleggsnavn
9	Avslag på Harløv som adressetilleggsnavn, Nes, Akershus	adresse-tilleggsnavn	Harløv som adresse-tilleggsnavn	Harløv kan brukes som adresse-tilleggsnavn hvis kommunen finner at navnet er kjent og brukt i området

NORMERING OG BRUK AV NAMN

UTDRAG AV HØYRINGFRÅSEGNER TIL FRAMLEGGET TIL ENDRING AV LOV OM STADNAMN

Framlegget om å endra lov om stadnamn har bakgrunn i eit stortingsvedtak 13. januar 2009 tufta på et representantforslag frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker og Olemic Thommessen (Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomiteen). Dei som stod bak framlegget, ynskte ei endring i stadnamnlova som skulle sikra at bruksnamn ikkje kan endrast utan at grunneigaren samtykkjer. Våren 2011 fylgde Kulturdepartementet opp med eit høyringsnotat med utkast til endringar av paragraf 6 og 8 i stadnamnlova.

Då høyringsfristen gjekk ut i august, hadde nærmare 78 høyringsinstansar levert kommentarar til framlegget til lovendring. Dessutan hadde 18 instansar (departement, etatar, kommunar, organisasjonar) meldt ifrå om at dei ikkje har nokon merknad til den føreslårte lovteksten. Desse kan reknast å ha gjeve si tilslutning til endringa. Mellom dei er ni departement, kommunane Bamble, Hareid, Sarpsborg, Snillfjord, Øygarden og den i denne samanhengen viktige organisasjonen Norges Bondelag. Elleve kommunar har gjeve meir utførlege fråsegner for eller mot endringsframlegget. Det er såleis berre ein liten del av kommunane som har uttala seg. Alle fråsegnene kan hentast ned frå nettet på adressa www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2012/horing---forslag-til-endring-i-lov-om-st/horingsuttalelser.html?id=678718.

For Namnelaget er dette ei viktig sak, og redaksjonen av *Nytt om namn* trur at medlemene vil ha nytte av ein gjennomgang. Det kjem fram at alle dei namnafaglege og dei fleste språklege organ elles går mot lovframlegget eller har merknader til ordlyden. Det same gjeld undervisningsinstitusjonar, arkivverket, dialekt- og mållag og dei fleste historielaga. Bokmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur går inn for å endra lova, men vil gå lenger enn departementet føreslår. Kommunane deler seg. På Vestlandet er det fleire mot enn på Austlandet, men interessant er det at ein sentral kommune som Gjerdrum uttalar seg skarpt mot ei endring av lova.

Språkrådet (stadnamntenesta) går klårt imot endringsframlegget og gjev ei rad grunnar til det. Hovudargumenta vert det peika på alt i innleiinga:

Språkrådet vil støtte at Kulturdepartementet går inn for fortsatt statlig navnsetting. Lovendringsforslaget bryter imidlertid med de tradisjonelle prinsippene for stedsnavnnormering og vil kunne føre til et virvar av forskjellige skrivemåter av bruksnavn. Dette kan medføre både praktiske vansker og en tilsløring av navnenes verdi som historiske dokumenter. Nedarvede stedsnavn (deriblant bruksnavn) er en del av vår felles nasjo-

nale kulturarv, og det offentlige har ansvar for at denne delen av kulturarven blir videreført til kommende generasjoner på en faglig forsvarlig måte.

Ein annan hovudaktør når det gjeld fastsetjing av skrivemåten, er Statens kartverk. Det har stort sett dei same innvendingane som Språkrådet og ser seg ikkje tent med endringsframlegget, m.a. ut frå både kulturvernet og dei praktiske vanskane det vil vera med skiftande skrivemåtar av same namnet. Kartverket kan likevel godta lovendring under visse føresetnader, m.a. ved at endringane må avgrensast til å gjelda bruksnamn, at skrivemåten av avleidde namn må byggja på skrivemåten i primærfunksjonen, at det må koma klart fram kva som kan gjelda som dokumentasjon av skrivemåtar av bruksnamn. Elles kjem både Språkrådet og Kartverket med ei rekkje kommentarar til ordlyden i høyringsnotatet og utkastet til ny paragraf.

Ein annan viktig instans er Klagenemnda for stadnamnsaker. Fråsegna til nemnda er delt i eit fleirtal på fire og eit mindretal på éin. At fleirtalet (der det er med ein jurist) langt på veg aksepterer retten til eigaren til å «bestemme hvordan navnet på gårdsbruket skrives», bør ein merkja seg med tanke på framtidige føringar i klagenemnda. I den generelle delen av fråsegna ordlegg fleirtalet seg slik:

Nemnda har vurdert forslaget om å gi eier/fester rett til å bestemme hvordan navnet på gårdsbruket skal skrives, såfremt skrivemåten kan dokumenteres å ha vært i offentlig bruk i et omfang som tilfredsstiller de krav loven stiller. De viktigste argumenter for forslaget knyttes til menneskers alminnelige handlefrihet: eierens rett til å bestemme over sin eiendom, og enkeltmenneskers rett til å uttrykke sin identitet gjennom navnet. Opp mot dette står først og fremst samfunnets ansvar for å ta vare på kulturminner, i dette tilfelle gjennom å normere skrivemåten slik at navnets lokale språktilknytning bevares og dets etymologi ikke går tapt. Det er ikke urimelig at den som eier og bor på et gårdsbruk som hovedregel selv får bestemme hvordan navnet på gårdsbruket skal skrives. Der det dreier seg om gamle gårdsnavn som har gitt opphav til eller faller sammen med andre navn på stedet, bør likevel eierens valg av skrivemåte ikke kunne avvike fra vanlige rettskrivingsprinsipper med mindre den samsvarer med en godt historisk dokumentert navneform. Slik nemndas flertall ser det, kan altså tidligere, nå utdaterte skrivemåter også utgjøre verneverdige, stedlige kulturminner.

Mindretalet derimot uttalar:

Eg kan ikkje gå med på konklusjonen i framlegget til høyringsfråsegn, dvs. gje tilslutning til at «eier/fester på et bruk selv skal få lov til å velge

skrivemåten av bruksnavnet såfremt denne skrivemåten har vært i offentlig bruk». Dette samsvarar ikkje med norsk språkpolitikk, jf. St.meld. nr. 35 (2007–08), *Mål og meinings*, der det er lagt vekt på at rettskrivinga skal vera fast, stabil og tydeleg. Med tanke på forvaltinga av dei to norske målformene vil det vera uheldig å godkjenna for offisiell bruk skrivemåtar av nedarva norske stadnamn som ikkje samsvarar med norsk rettskriving og norske rettskrivingsprinsipp, t.d. skrivemåtar som *Qvalbeen* for *Kvalbein*, *Bache* for *Bakka*, *Malde* for *Madla*, *Refve* for *Reve* og *Løvbrekke* for *Lauperak*. Nedarva stadnamn er ein viktig del av språket vårt. Forslaget frå KD vil representera eit brot med norsk normeringspolitikk dei siste hundre åra. At bruksnamn som fell saman med nedarva gardsnamn etter forslaget offisielt skal kunna skrivast på andre måtar enn vedkomande gardsnamn, vil kunna føra til mistydingar, noko som kan få uheldige konsekvensar når namna blir nytta som adresser, bl.a. av politi, brannvesen og ambulanse. Forslaget frå KD ivaretok ikkje kulturminne- og kulturvernaspektet ved nedarva stadnamn på ein tilfredsstillande måte. Av di mange bruksnamn fell saman med gardsnamn som er meir enn tusen år gamle...

Nedanfor har me klift ut større eller mindre delar or ein del av fråsegnene, først dei som er for eller meiner det trengst ein tydelegare ordlyd til bate for grunneigarane, dinest dei som går imot endringsframlegget. Argumentasjonen avspeglar ideologiske haldningar på både sider.

Fråsegner som stor ei lovendring

Bokmålsforbundet

«Bokmålsforbundet er [...] høyst forbauset over det forslag som departementet nå har sendt ut til høring. Her legger departementet opp til å skille mellom gårds- og bruksnavn. Ikke bare er det utsendte forslag i strid med departementets eget forslag i brev av 29.05.2008, det er også klart i strid med det forslag Stortinget enstemmig har sluttet seg til.

Det er åpenbart at departementets nye forslag er utarbeidet etter sterkt press fra Statens kartverk som ikke vil bli vingeklippet, samt Noregs Mållag.

Vi vil i denne forbindelse ikke unnlate å gjøre oppmerksom på Mållagets uttalelse på landsmøte 16.04.2012. Mållaget, som er sterkt imot å gjøre endringer i stedsnavnloven, sier i sin uttalelse at de er imot skriftformer som angivelig ble nedtegnet til dansk av prester og fogder på 1500–1800-tallet. 300–500 års skrifttradisjon er tydeligvis ikke nok for Norges Mållag og heller ikke for Statens kartverk, som opptrer som Norges Mållags forlengede arm. Kartverket har nærmest ført et korstog mot det man i nynorsk-

kretser betegner som ‘dansklingande namn’. ‘400-årsnatten’ spørker fremdeles i målaktivistenes hode.

Mållagets kamp mot ovennevnte navneformer er bare en fortsettelse av den kamp de førte mot blant annet innarbeidede bynavn for 80–100 år siden. Da ville nynorskaktivistene omdøpe Bergen til *Bjørgvin*, Kragerø til *Kråkerøy* og Tvedstrand til *Tveitastrand*. Den gang satte Stortinget foten ned, det har Stortinget også gjort denne gang.

Det at Statens kartverk og Norges Mållag er imot et stortingsvedtak, skal ikke ha innvirkning på departementets gjennomføring av Stortingets vedtak.»

Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur

«Blir departementets forslag til endringer i §§ 6 og 8 vedtatt, vil det bety et skritt i riktig retning, men det vil neppe samsvare helt med Stortingets forståelse av saken. Det kan ikke være tvil om at komiteen og Stortinget har ønsket lovendring for både *gårdsnavn* og *bruksnavn*. [...]»

Hensynet til et enhetlig navneverk for kongeriket og hensynet til nedarvet lokal uttale lar seg ikke forene; det har vært klart fra første stund. Det blir i høyden tale om å oppnå enhetlighet innenfor en region eller en landsdel, og også der kan det knipe. Spørsmålet i den aktuelle saken er om visse forskjeller kan tåles innenfor et mindre område, og hvor store praktiske problemer de byr på. Antagelig vil de være til å leve med. Vi tror de blir små, sammenlignet med det offisielt godkjente mangfold som hersker i rettskrivningsnormeringen og i etermediespråket. [...]»

I synet på tradisjon består det som regel en klar forskjell mellom grunneiere/folk flest på den ene side og navnforskere/dialektforskere/språkhistorikere/etymologer på den annen. De som utarbeidet NOU 1983:6 og dermed la grunnlaget for stedsnavnloven av 1990, var filologer, for hvem ‘nedervd lokal uttale’ var hovedsaken. Og denne uttalen skulle helst være gammel, for ikke å si eldgammel. Nyere uttale (som også kan være noen generasjoner gammel) og skriftradisjon spilte mindre rolle.»

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

«Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet stiller seg positivt til at det foreslås endringer i stadnamnlova som utvider eier og festers rett til å fastsette skrivemåten for bruksnavn. [...]»

Vi anbefaler på denne bakgrunnen at det i merknaden til stadnamnlova § 8 presiseres at eier eller festers ønske om skrivemåten av bruksnavnet kan legges til grunn også i de tilfeller hvor den ønskede skrivemåten ikke kan dokumenteres gjennom offentlig bruk, men da etter høring i tråd med § 6.»

Miljøverndepartementet

«Miljøverndepartementet mener i utgangspunktet at loven ikke bør endres. Gjeldende regelverk balanserer godt de ulike hensyn som bør tas ved fastsetting av stedsnavn:

- hensynet til den enkelte eier og slektsidentiteten
- hensynet til lokalsamfunnet, lokal identitet og lokal medvirkning
- hensynet til en effektiv offentlig administrasjon
- hensynet til et godt kulturminnevern

Når Stortinget ønsker å styrke hensynet til den enkelte eier og slektsidentiteten ved at endring av bruksnavn ikke skal kunne skje uten grunneiers samtykke, jf. Stortings behandling av dokument nr. 8:58 (2007–2008), støtter vi den løsningen som Kulturdepartementet nå foreslår.

Løsningen gir eieren det avgjørende ordet i saker som gjelder endring av navnet på vedkommendes egen eiendom (bruksnavnet). Vi legger vekt på at reglene for vedtak om skrivemåten for nedarvede navn på hele gårdsområder (gårdsnavn) i hovedsak blir videreført som i dag. Gårdsnavnene er blant de eldste kulturminnene i landet. Gårdsnavnene er identitetsskapende for hele lokalsamfunnet. Gårdsnavnene er antakelig vel så ofte gitt av naboenes som av de som tok opp gården. Gårdsnavnene blir brukt på offisielle kart og ligger til grunn for adressering og annen offentlig administrasjon. Gårdsnavnet er som oftest knyttet til mange eiendommer med forskjellige eiere. Det bør derfor fortsatt være det offentlige som har det avgjørende ordet når skrivemåten skal fastsettes for gårdsnavn til bruk i offentlige sammenhenger, slik det er lang og sikker tradisjon for.

Bruksnavn som språklig og geografisk faller sammen med nedarvede stedsnavn, er også viktige kulturminner. Slike navn kan ofte ha betydning for lokalsamfunnet og kan også være i bruk i offentlige sammenhenger. Vi legger til grunn at gjeldende § 8 første ledd andre punktum som begrenser adgangen til å endre eller bytte ut slike navn, blir videreført. Vi er også enig i at eier i slike tilfeller må kunne dokumentere at en bestemt skrivemåte har vært i offentlig bruk, dersom denne skrivemåten skal legges til grunn for vedtaket. Med offentlig bruk forstår vi bruk som steds- eller eiendomsnavn og ikke som personnavn.

Høringsforslaget § 6 tredje punktum kan misforstås slik at høringsretten gjelder alle bruk med samme navn som gårdsnavnet selv om bruket ligger i et helt annet bygdelag og ikke har noen tilknytning til det aktuelle gårdsområdet. Kulturdepartementet bør derfor vurdere å endre tredje punktum til: ‘Eigar eller festar av bruk *med namn som* er avleidd frå gardsnamnet, har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld dette gardsnamnet, ...’. Denne formuleringen omfatter også bruk med samme navn i den grad disse er en del av det aktuelle gårdsområdet. Vi vil dessuten peke på at uttaleretten etter tredje punktum kan forstås svært vidt. Er for eksempel Ullevål barnehage å regne om et avleidt navn av gården Ullevål?

Vi forstår forslaget slik at når bruket er festet bort, er det fester – og ikke eier – som får det avgjørende ordet. I noen tilfeller vil dette styrke festers rettigheter i forhold til eieren, jf. gjeldende § 6 første ledd fjerde punktum der det heter at eiers synspunkter skal tillegges særskilt vekt. Vi har ingen synspunkter på dette, men spørsmålet bør kanskje kommenteres. Vi legger til grunn at med eier og fester menes den som har grunnbokshjemmel som henholdsvis eier og fester. Dette bør presiseres i proposisjonen siden forslaget styrker eiers og festers rettigheter, og spørsmålet om hvem som er rett eier eller fester, i noen tilfeller kan ha betydning.»

Hegra historielag

«Vi er også enig med Tommessen i at departementet har brukt urimelig lang tid på dette høringsnotatet. Etter vår mening er denne tiden i departementet brukt til:

1. Å finne ut hvordan de kan omgå Stortingets klare vedtak og utrede noe helt annet.
2. Å finne ut hvor langt de kan gå i å neglisjere Stortingets vedtak uten at det får følger for de som gjør det.

Navnekonsulentjenesten har utvilsomt vært gitt avgjørende innflydelse på depets høringsnotat. Det er heller ingen tvil om at konsulentjenesten var svært klar over hva Stortingets vedtak var. Dette kan dokumenteres: I et møte i Meråker kommune 14.4.2010 raljerte navnekonsulent Ellingsve (vår lokale plageånd) vilt over det meningsløse i å gi bønder innflydelse på navnsetting.

Så til saken: Depet har gitt seg og navnekonsulentjenesten hele sommeren til å fortsette å plage oss. Vanligvis vil en romslig høringsfrist være bra, men etter den klare trenering som somlet med høringsnotatet viser, er denne lange fristen uheldig. *Kan ikke forslagsstillerne utvirke at depet utredet det Stortinget har bedt om med en gang?*

Denne saken blir også en del av den debatten som pågår om de statlige fagmiljøenes makt i forhold til deres oppdragsgiver. I dette tilfelle vil vi anbefale at den statlige navnetjenesten avvikles/omorganiseres, slik at de kan fortsette den privatisering de har begynt på og tilby sine tjenester til de som vil betale.»

Lillehammer kommune

«Navnekomiteen i Lillehammer kommune har ingen innsigelser til det fremlagte forslaget, men ønsker å poengtere viktigheten av å bevare gamle steds- og gårdsnavn. Det må ikke bli så enkelt for eier eller fester å endre navn slik at det stadig skjer endringer, og at man til slutt ender med å ha mistet det opprinnelige og historiske navn. Komiteen støtter forslaget om å opprettholde normalisert skriftform på gårdsnavn.»

Navnebeskyttelsen Norge

«Stortinget vil ha en endring som gir klargjøring/forenkling, ikke en endring som skaper mer frustrasjon og konflikter blant medborgere samt flere arbeidsplasser i byråkratiet. Endringene i lovteksten må være klargjørende og ikke ytterligere prosessdrivende.

Alle gårdsbruk i Norge har hvert sitt navn. Departementets forslag ekskluderer flertallet av disse fra en viktig del av råderetten over sin eiendom. Forslaget skaper også en sirkelreferanse når det gjelder navnsetting gard–bruk–bruk–gard.

Med utgangspunkt i statsrådens uttalelse for 3 år og 6 måneder siden om en hurtig saksbehandling er vi skuffet over behandlingstiden.

Karen Haug Aronsen (KUD) har informert om at berørte parter og organisasjoner er hørt i forkant av utarbeidelsen av høringsnotatet. Det er da for Navnebeskyttelsen Norge oppsiktsekkende at vi som en viktig pådriver og representant for dem saken gjelder, ikke er hørt.

Vi konstaterer at departementet ikke har innhentet kunnskap om forskjellen mellom gardsnavn og bruksnavn samt opphavet for disse.

Høringsnotatet som departementet har utarbeidet, er et godt utgangspunkt for fortsatt lang saksbehandling. F.eks. sakene fra Østre Toten som nå er 16 år gamle og uten avgjørelse, vil kunne eksistere i mange år til bare for å kunne avgjøre om gårdene/brukene er bruk eller gårder.»

Sula kommune

«Vi har notert oss at departementet tilrår endring når det gjeld fastsettjing av bruksnamn, men at departementet ikkje kan tilrå at reglane for fastsettjing av gardsnamn vert endra. Underskrivne strekar under at det vil vere svært uheldig om reglane for fastsettjing av gardsnamn skulle bli endra. Dette vil bety eit brot med prinsippa om at slike namn skal byggje på nedervd uttale og med norsk skrivemåte. Vi står derfor framlegget frå departementet når det gjeld gardsnamn.»

Oslo kommune har ingen merknader til lovendringsforslaget.

Rogaland fylkeskommune

«Rogaland fylkeskommune vurderer at framlegget til endring av lov om stadnamn (stadnamnlova) har funne ein middelveg som ivaretok den munnlege og den skriftlege kulturarven, samstundes som grunneigaren får større råderett over sin eigedom. På den andre sida kan me sjå at bruksnamn kan skifta namn oftare ved eigarskifte, noko som kan skapa forvirring i offentlege register og adresseringstenester. Dette vil likevel berre vera eit overgangsproblem, sidan alle bruk skal få vegadresser i tillegg til gardsnamnet.»

Mot endringsframlegget

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

«Etter Fylkesmannens oppfatning vil den foreslalte endringa være et tilbakeskritt i arbeidet for å rydde opp i skrivemåten for norske stedsnavn. Dette gjelder spesielt dersom de ulike variantene skal autoriseres og brukes i offentlig og offisiell sammenheng, og ikke bare rent privat for eksempel på brevpapir, i firmanavn osv.

Etter gjeldende lovgivning er det tillatt fritt å velge skrivemåte for slektsnavn med utgangspunkt i gårdsnavnet. Det burde være tilstrekkelig.

Gårdsnavn går i mange tilfelle mer enn tusen år tilbake i tida og er en viktig del av den norske kulturarven. Den mest pålitelige kilden vi har til opprinnelse og betydning er den lokale uttalen, og den bør komme til uttrykk i gjeldende norsk skrivemåte. Det er et samfunnsansvar at dette ivaretas, og da må en enkelt eiers ønske og oppfatning komme i annen rekke.»

Giske kommune

«Lovframlegget vil lage vanskelege grensegangar og utløyse endå meir saksbehandling etter uklare reglar. Ulike skrivemåtar kan forvanske uttalen av namna. Det kan vere fleire eigarar av same bruk, med ulike meininger om saka. Gardsnamn og bruksnamn er felles kulturarv og viktige lokalhistoriske kjelder som ingen einskildperson bør ha einerett på. Personnamnet er ei privatrettsleg sak, og det blir ikkje påverka av denne lova. [...]»

Det vart også påpeika at den føreslegne endringa ville innføre to motstridande prinsipp for skrivemåten av stadnamn i den same lova. Hovudprinsippet er at skrivemåten skal rette seg etter den ‘nedervde lokale seiemåten’ og deretter norsk rettskriving, men så skal ein i nokon tilfelle plutseleg fylge ein gamal skrivemåte som er brukt av danskskrivande embetsmenn.»

Gjerdrum kommune

«Gjerdrum kommunale navnekomité er svært skeptisk til dette endringsforslaget. Navnekomiteen ble nedsatt i 1992 og har arbeidet etter retningslinjene i navneloven av 1990: Stedsnavn skal fastsettes etter nedarvet talemål med normalisert rettskriving, altså muntlig tradisjon. Det skal være samme skrivemåte i alle navn med samme opphav. Det er et klart skille mellom stedsnavn og familienavn. Familienavnet er privat, stedsnavnet er vår felles kulturarv.

Dette er entydige prinsipper som nå er godt innarbeidet her. Vi har gode rutiner for navnsetting, med konstruktive bidrag fra berørte parter og lite strid og uenighet.

Å privatisere bruksnavna er å innsnevre den felles kulturarven. Det er også helt unaturlig og uhistorisk. Bruksnavn er ingen egen kategori; bruks-

navna *er* jo gardsnavna, med tillegg som øvre, nedre, østre, nordre, sørigarden, vestigarden, arstuen, nystuen ... Dette er gamle navn.

Det er gards/bruksnavnet som er opphav til slektsnavnet, ikke omvendt. Det blir merkelig hvis en skal innføre skrivemåter på det enkelte bruk som avviker fra det normerte gardsnavnet.

Med hilsen Gjerdrum navnekomité v/leder Anne Thori Kogstad (med navn fra gardene Tori og Kokstad)»

Høyanger kommune

«Stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnummer på ein god måte, og Høyanger kommune sluttar seg til Noregs Mållag sin uttale i saka.»

Jølster Senterparti

«Styret i Jølster Senterparti er einig i at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, fordi dei er stadnamn og kulturminne med interesse for alle. Vi meiner derimot det er svært uheldig at eigar eller festar av bruk skal ha ‘det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn’ (framlegg til endring i § 6).

Det er rett nok teke atterhald i § 8: Bruksnamnet kan få ein annan skrivemåte enn gardsnamnet dersom ‘eigar eller festar kan dokumentere at denne skrivemåten har vore i offentleg bruk’.

Bakgrunnen er at mange ikkje skil mellom slektsnamn og gardsnamn/bruksnamn. Slektsnamn med opphav i gards- eller bruksnamn blir ofte skrivne slik desse vart nedteikna til dansk av prestar og futar på 1500–1800-talet, medan stadnamna følgjer lokal uttale og dagens skriveregler.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Jølster Senterparti meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Vi ber derfor Stortinget om ikkje å gjere endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.»

Norsk lokalhistorisk institutt

«Norsk lokalhistorisk institutt vil på det sterkeste fraråde en endring av lov om stadnamn som innebærer å gi større makt til grunneiere og festere ved fastsettelse av skrivemåte for stedsnavn. Stedsnavnnormering bør fortsatt ha form av en balansegang mellom nedarvet uttale, rettskriving, etymologi og språkhistorie. Disse hensynene blir best ivaretatt ved den gjeldende loven om stedsnavn.»

Landslaget for lokalhistorie

«Mange gardsnavn og med dem bruksnavn kan være over 2000 år gamle. Samtidig er de også en del av vår allmenne kulturarv. De tilhører med andre ord ikke enkelte grunneiere, men like mye deg og meg. Gardsnavna har blitt til i et kulturelt fellesskap og er ofte også gitt fra grannegarder.

Navnestoda i Norge er i dag mildt sagt forvirrende – ofte med flere offisielle navneformer side ved side som til dømes *Li – Lie* og *Mo – Moe*. En lovendring der grunneier vil få vetorett, vil ikke gjøre denne stoda mindre forvirrende.

Ulik skriftform av gards- og bruksnavn er kunstig og svært uheldig ikke minst med tanke på moderne kommunikasjon som GPS og rednings-tjeneste. Prinsippet om at samme navn bør ha samme skriftform, bør være sjølsagt. Departementet har rett i at det er en spesiell kobling mellom etternavn og gardsnavn i Norge (3.2 Nærmere om bruksnavn, side 3), men det betyr ikke at bruksnavna skal skrives som etternavna. Det blir etter vår mening å snu det hele på hodet, ettersom bruksnavn er primære i forhold til etternavn. Det er grunn til å minne om at tradisjonen med etternavn først blei påbudt ved navnelova i 1923. Etter vår mening er det ikke navnelovas oppgave å ta vare på eldre tiders skriftformer – disse ligger trygt og godt i arkivene våre, men derimot i navnas opphav og nedarva uttale. Slik vi ser det, er grunneiers interesse i form av høringsrett og klagerett godt ivaretatt i dagens lov. Grunneiers vetorett vil føre til at sammenhengen mellom mange av gardsnavnas opphav og nedarva uttale blir brutt, og dermed vil ikke hensikten med lov om stadnamn være oppfylt. Det er dessuten grunn til å minne om at ei slik lovendring ikke samsvarer med norsk språkpolitikk det seineste hundreåret (jamfør St.meld. 35 (2007–08), *Mål og meinings*).

På bakgrunn av det som nå er sagt, går Landslaget for lokalhistorie på det sterkeste imot ei endring av lov om stadnamn.»

Nord-Aurdal kommune

«Stadnamn som kulturminne må jamstellast med anna kulturvern. Gravhaugar, førreformatoriske gjenstandar og freda bygningar er verna ved lov. Ei stadnamnlov må sikre tilsvarande lovvern, Det må vera like utenkjeleg og ulovleg for privatpersonar å endre eller fjerne nedervde stadnamn som materielle kulturminne.»

Nynorsklaget

«Til no har lov om stadnamn sikra at gards- og bruksnamn har vore skrivne mest mogleg i samsvar med tyding og lokal uttale. Samanhengen mellom namnegard og utskilde bruk har kome fram ved at namna har hatt eins skriftleg form.

Forslaget til endring av stadnamnlova vil skiple dette. Det opnar for at brukseigarar fritt, med støtte i tilfeldige eldre dokument, kan fastsette korleis namnet på eige bruk skal skrivast. Yngre former frå ei tid før fastlagd rettskriving, og med ein skrivemåte prega av dobbelte vokalar, *ch*, *z*, *x*, *w* og anna framand bokstavering, kan villeie brukseigarar til å tru at dette er dei eldste formene. Ein namnegard Vika kan t.d. koma til å bli omkransa av bruksnamn skrivne *Viken*, *Wiiken*, *Uichen* osb. om der er fleire bruk. Om eit bruk skiftar eigar, kan jamevel bruksnamnet koma til å få ein ny skrivemåte.

Dersom endringsforslaget går igjennom, vil tvilsspørsmål lett koma opp i samband med skilting, namning på kart osv. Det vil få uheldige følgjer, praktisk sett. Ulike forhold kan ha gjort eit bruk meir sentralt enn den opphavlege garden, og eit bruksnamn med ein omskifteleg skrivemåte kan koma til å fortrenge namnegardsnamnet (primærnamnet) som adresse. Den historiske samanhengen mellom namnegard og bruk kan bli borte, og den eldste, lokalspråkleg forankra namneforma kan forsvinne frå kartet, til fordel for ei historisk sett tilfeldig form. I verste fall kan det opphavlege namnet gå ut av dagleg bruk og jamvel gå tapt som kulturminne.

Nynorsklaget bed Stortinget om ikkje å endre lov om stadnamn.»

Odda kommune

«Odda kommune kan ikkje tilrå dei forslaga som er på høyring, då dei:

- bryt med eit sentralt prinsipp i stadnamnlova sitt føremål: vern om stadnamn som offentlege kulturminne normert i samsvar med gjeldande normerings- og rettskrivingsreglar i norsk.
- bryt ned den etablerte praksisen om at fastsetjing av gardsnamn og bruksnamn er eit offentleg ansvar, og at gardsnamn og bruksnamn som inneheld gardsnamnet, må skrivast med konsekvens og normerast i samsvar med rettskrivingsreglane i norsk.
- ikkje fangar opp det etablerte og avgjerande skiljet i norsk forvalting mellom personnamnet/slektsnamnet (som er privat eige) og som ofte er avleidd av stadnamn (som er offentleg eige) og som er eit offentleg ansvar å fastsetja skrivemåten på i samsvar med gjeldande rettskrivings- og normeringsprinsipp i norsk.

Odda kommune legg til grunn at staten gjennom lovverket inkluderer og vernar om den kulturarven som ligg nedfelt i noverande praksis, og at det er eit overordna mål at fastsetjing av skrivemåten på gards- og bruksnamn framleis skal underbyggja og styrkja forståinga av norsk i skrift og tale.

Ei privatisering og tilfeldiggjering – slik det ligg nedfelt i forslaget ved å overföra fastsetjing av bruksnamn – også for dei som er avleidde av gardsnamn – til den som til kvar tid er eigar/festar fritt vald etter kva skiftform det kan skaffast skriftleg dokumentasjon for, er eit brot med basis for stadnamnlova. Kva ukunnige danske embetsmenn ein gong i tida måtte ha

stava, kan ikkje bli oppheva til ein privat rett som vert påtvinga felles-skapen så vel som offentlege instansar. I tillegg vert det opna for at namnet kan skifta frå eigar til eiger. Odda kommune meiner at dette vil auka språk-forvirringa og svekkja grunnlaget for eit moderne norsk skriftspråk normert på eigen grunn.»

Raumnes Historielag

«Raumnes Historielag har engasjert seg brent for å ta vare på de viktige kulturminnene som gamle gardsnavn er, ikke minst i den store omlegginga av adresseringssystemet som nå pågår. Vi ser med glede på det store engasjementet eiere og brukere av garder har vist for å ta vare på gardsnavna i offisiell sammenheng. Vi ser også at de aller fleste ser det viktige i å bruke riktig norsk skrivemåte av navna. I de tilfella der eiere har ønsket en skrivemåte fra tida med dansk som hovedmål, har vi kunnet vise til den entydige lov om stadnamn for å få riktig norsk form av navnet. Denne bygger på at norske stedsnavn skal ha norsk skrivemåte, et enkelt og greit prinsipp, som det ikke kan være noen grunn til å endre.

Det kan slett ikke være noen grunn til å gi mulighet til å endre stedsnavn tilbake til ei dansk skriftform, slik den fortsatt kan finnes brukt i slektsnavn. Ofte ligger en stavemåte fra tida med dansk skriftspråk til grunn for nåværende slektsnavn. Slektsnavn er sjølsagt private, og brukerne må velge de formene de sjøl ønsker, for disse.

Stedsnavn har imidlertid en helt annen funksjon enn slektsnavn. Alle stedsnavn er del av et større fellesie og felles tradisjoner. Dette gjelder navn både på matrikkelgarder, enkeltnamn, teiger, skoger, elver, åser og fjell. Det vil være svært uheldig om ei navnegruppe skal behandles særskilt i lov om stadnamn og gis egne regler for skrivemåte. Vi finner grungivinga for ønske om endring lite holdbar: *Dersom eigar eller festar kan dokumentere offentleg bruk av ein ønskt skrivemåte på bruksnamn, skal denne leggjast til grunn.* ‘Offentleg bruk’ er ikke definert. Men om en legger til grunn at dette er skrivemåter brukt i offentlige dokument, kan en bruke nær sagt alle tenkelige stavemåter av navn gjennom mange hundreår. Om en begrenser ‘offentlig bruk’ til slik navn framstår i offentlige matrikker og kartverk, vil en også kunne finne mange former, om enn atskillig færre enn dem som finnes brukt i utallige offentlige dokument. Det gode fornorskingsarbeidet som ble begynt i matrikkelen av 1836, videreført i matrikkelen av 1886 og oppdatert etter rettskrivingsendringer gjennom 1900-tallet, må ikke settes tilbake ved ei endring av de entydige, klare og greie reglene for skrivemåten av stedsnavn som nåværende lov om stadnamn har fastsatt. Det å lage et kunstig skille mellom gardsnavn og bruksnavn vil svekke en god praksis for skrivemåten av stedsnavn generelt, og trekke ut ei navnegruppe, navn på enkeltnamn, som ei særskilt gruppe med egne regler.

Raumnes Historielag vil sterkt fraråde den foreslåtte endringa av lov om stadnamn.»

Riksarkivet

«Arkivverket ser med stor uro på at Kulturdepartementet i dette endringsframlegget opnar for at same namnet skal kunna skrivast på fleire ulike måtar i offisielle samanhengar, og at Kulturdepartementet er villig til å overlate ansvaret for skrivemåten av bruksnamn til private grunneigarar. Stadnamn er nedervd kulturarv og namnsetjing eit offentleg samfunnoppdrag. Dei endringane som departementet no foreslår (§ 6 og § 8 i lova), vil føre med seg ei mengd med dobbeltformer for same staden, noko som igjen kan føre til mykje lokal strid og farlege mistydingar. Det er slett ikkje alltid slik at slektsnamn fylgjer gardsnamn, og dersom det no skal bli tillate å endre bruksnamn i takt med personnamn, kan det føre til mange vanskar og mistydingar, både for dei som er avhengige av presise kartopplysningar for å finne fram i terrenget, og for dei som skal finne att slektstilknyting, rettigheitsinformasjon og lokal identitet i arkivmaterialet.

I dei fleste tilfella er bruksnamna avleidde av gardsnamna, noko som har gjort det enklare å finne fram på kart, i arveskifte, eigedomsovergangar og i ymse anna arkivmateriale. Prinsippet om at ein stad skal ha berre eitt namn og éi skriftform i norskspråklege område, har også stått sterkt i Noreg. Tradisjonen med slektsnamn er relativt ny, det vart ikkje påbode å bruke faste slektsnamn før ved namnelova i 1923. Gards- og bruksnamn har derimot ei mykje lengre historie. Lov om stadnamn har til no lagt særleg vekt på den nedervde uttalen ved normering av namn. Landet vårt har ei lang normeringshistorie, ikkje minst gjennom mykje matrikkelarbeid gjennom 1800-talet. I Arkivverket er framleis Oluf Rygh sitt store verk på bakgrunn av 1886-matrikkelen, *Norske Gaardnavne 1–18* (1897–1924), i dagleg bruk. Dersom dette lovframlegget trer i kraft, vil bruksnamn i prinsippet kunne endrast ved kvart eigarskifte. Bruksnamna vil kunne variere uavhengig av rettskriving og målføre, t.d. *Kvalbein/Hvalben/Qualbeen*, *Kveim/Kvem/Hveem*, *Lauperak/Løvbrekke/Lauvbrekke*, *Vik/Wik/Wiig/Vyck*, *Øksnavad/Yksnevad/Øxnevad* osb. Ulik alfabetisering og stort variantmangfald vil gjere det vanskelegare og meir tidkrevjande, og ikkje minst meir usikkert, for publikum å finne fram i Arkivverket sine databasar, katalogar, register og kart. Det vil også bli vanskelegare for oss å identifisere brukarane våre og gi dei så sikker informasjon som dei har rett på. Ikkje minst vil dette gjelde det digitaliserte tinglysingsmaterialet som vi tilbyr publikum på bakgrunn av informasjonen frå Statens kartverk.

Dersom lovendringa trer i kraft, vil både tinglysingsmateriale, katalogar, register og tilsvarande elektroniske hjelpemiddel bli meir tungvint og krunglete å finne fram i. Ei lovendring vil redusere kvaliteten på Arkivverket sine tenester til publikum, også når dei søker opplysningar hos oss

via Digitalarkivet eller Arkivportalen. Tilgangen på historisk materiale vil dermed bli vanskelegare enn i dag.

Riksarkivaren vil difor sterkt rá ifrå å endre lov om stadnamn.»

Romerike Historielag

«Stedsnavna våre, slik de er nedarva gjennom muntlig bruk, er svært gamle som kulturminner, og de har i kraft av dette og det at de er immaterielle krav på spesielt vern. Det er på bakgrunn av dette en må se lov om stadnamn (1991, revidert 2006). Det er den nedarva uttalen som viser de lange linjene i språkhistoria vår og ikke tilfeldige skriftformer fra 1500-tallet og framover. Stedsnavna er opphavet til svært mange slektsnavn her i landet, og det er grunnleggende at det skiller klart mellom skrivemåte av stedsnavn og slektsnavn.

Det er viktig å påpeke at stedsnavna er en del av vår felles kulturarv og ikke den enkelte grunneiers eiendom; slektsnavn er derimot private. Skrivemåten av stedsnavn må bygge på hovedprinsippa, slik de er utforma i lov om stadnamn: etymologi (ordhistorie), generelle rettskrivingsregler i norsk og ikke minst nedarva uttale. Normering og fornorsking av stedsnavna her i landet går helt tilbake til 1830-åra, og navna blei kraftig fornorska i 1886-matrikkelen ved navnegranskeren Oluf Rygh. Fornorskingsarbeidet har vedvart helt fram til i dag, men dessverre har det aldri blitt sluttført, og fortsatt er det mange skriftformer på kart og skilt som strider mot lov om stadnamn.

Skrivemåten av stedsnavn er i vår tid viktigere enn noen gang. Skriftformer fra 1500-tallet og framover har hatt høyere status enn nedarva uttaleformer. Dette faktum og det at mange i dag er innflyttere og følgelig ikke kjenner til nedarva uttale, har ført til at de nedarva uttalene i dag er på vikkende front.

Romerike Historielag vil derfor på det sterkeste fraråde ei endring av lov om stadnamn der grunneier vil ha vetorett – ei lovendring som legger opp til skrivemåter fra dansketida som *Aas*, *Moe*, *Lie* og *Wiig*.»

Sør-Østerdal Slektshistorielag

«Det er i dag de færreste grunneiere som sjøl har satt navn på gardene sine, og det er heller ikke bonden sjøl som har brukt navnet mest, men derimot folk ellers i bygda. Stedsnavna er med andre ord en del av vår felles kulturarv og tilhører derfor ikke den enkelte grunneier. Om endringene til departementet (§ 6 og 8) går gjennom, vil det føre til ulike skrivemåter av ett og samme navn som til dømes *Garder* og *Gaarder* eller *Kvasstad* og *Hvarstad*, begge i Elverum. Ulike skriftformer av samme navn er svært uheldig med tanke på GPS, redningstjeneste, ambulanse og andre utrykningskjøretøy. Et navn bør derfor ha ei og samme form. De samme endringene vil føre til ‘unorske’ former som går på tvers av den fornorskinga av steds-

navna og den språkpolitikken som kan følges helt tilbake til Gerhard Munthe (1838-matrikkelen) og Oluf Rygh (1886-matrikkelen).

På bakgrunn av dette går Sør-Østerdal Slektshistorielag imot ei endring av lov om stadnamn.»

Toten dialekt- og mållag

«Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er av interesse for oss alle. Namna høyrer storsamfunnet til, og derfor er det ei offentleg oppgåve å fastsetja skrivemåten på desse namna. Toten dialekt- og mållag meiner stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av kulturarven vår. Vi ber derfor Stortinget om ikkje å gjera endringar i stadnamnlova, men halde fast på namnefastsetjinga slik ho er i dag.»

HØYRINGSFRÅSEGN TIL KULTURDEPARTEMENTET

Framlegg til endring i lov om stadnamn 18. mai 1990, oppfølging av Stortingets dokument nr. 8:58 (2007–2008)

Norsk namnelag er ein organisasjon av namneinteresserte i heile landet, både fagfolk frå akademiske institusjonar og folk med særskild interesse for tradisjon, språk og kultur med vekt på det lokale. Laget gjev ut det einaste faglege tidsskriftet for namnegranskning i Noreg, Namn og Nemne (1984–), og meldingsbladet Nytt om namn to gonger i året. Medlemstallet er snautt 400.

Norsk namnelag vil fyrst uttrykkja støtte til Kulturdepartementet (KUD) i det viktige hovudprinsippet at «gårdsnavn fortsatt bør følge dagens saksbehandlingsregler». Like sidan 1830-åra har offentlege organ i varierande grad regulert skrivemåten av norske gardsnamn og stadnamn generelt.

I høyringsframlegget går KUD inn for å skilja ut bruksnamn som ein eigen kategori under gardsnamn og gje grunneigarar det avgjerande ordet i normeringa av bruksnamn i strid med dei reglane som gjeld i dag. Norsk namnelag vil gå mot å behandla bruksnamn juridisk som ein eigen kategori unnteken frå offentleg normering. I saksorienteringa legg KUD sjølv fram argument for at stadnamnlova ikkje bør endrast på dette punktet, m.a. i pkt. 3.1 med opplisting av norske rettskrivingsprinsipp som kan verta brotne i privat normering av bruksnamn.

Bakgrunnen for framlegget er det særnorske forholdet mellom etternamn og gardsnamn, som er to åtskilde juridiske kategoriar med prinsipielt ulik funksjon.

Gardsnamna er offentlege stadnamn med opphav langt tilbake i vår historie, mange går minst tusen år tilbake til tidleg mellomalder og vikingtid, medan etternamna er av langt nyare dato. Noreg var eit av dei siste landa i vår kulturkrins som innførte krav om etternamn. Det skjedde så seint som i 1923 etter at bruken hadde fest seg i andre halvdelen av 1800-talet.

Då skikken med etternamn feste seg, var Noreg eit jordbruksamfunn med små og svake bysamfunn. Mellom anna derfor kom den dominerande typen etternamn til å verta etternamn med opphav i gardsnamn, men med ein skrivemåte som avspeglar skriveskikken på 1800-talet, også etter at gardsnamna fekk ei fornorska form i samsvar med utviklinga av eit eige norsk skriftspråk. Dermed oppstod det i mange tilfelle eit språkleg skilje mellom etternamn av gardsnamn i privatrettsleg funksjon påverka av dansk skriveskikk særleg på 1800-talet (typen *Wegge*, *Straabø*, begge frå Suldal) og dei offisielle (kartfeste) gardsnamna (offisielle former *Veka*, *Stråpa*). Bakgrunnen for endringsframlegget frå Departementet er at enkelte grunneigarar har ønskt å kartfesta gardsnamnet i slektsnamnform (*Wegge*, *Straabø*) og dermed gje det ein ny offisiell status.

Kategorien etternamn ligg juridisk under lov om personnamn (2004), som er individ- og slektsorientert, og ikkje under lov om stadnamn, som er normativ og fellesskapsorientert. Grunneigarar og andre borgarar har i lov om personnamn stor fridom til å normera etternamnet sitt som dei vil (*Vik*, *Wiik*, *Wik*, *Vig* osb.), men Norsk namnelag vil klart rá frå at slike namnevariantar skal få status som offisielle former av stadnamn, også av den grunn at eigedommar hyppigare enn før skifter eigar, særleg etter dei siste tiårs strukturendringar i norsk jordbruk.

Norsk namnelag vil prinsipielt gå mot at

«fastsettelsen av skrivemåten [av bruksnavn] skal følge grunneiers eller festers ønsker»

med delargumenta nedanfor i tillegg til den meir generelle argumentasjonen ovanfor.

Meir prinsipielle moment:

- Det ligg eit funksjonelt og juridisk skilje mellom gardsnamn (stadnamn, typen *Stråpa*) og etternamn (typen *Stråbø*). Etternamn av gardsnamn kan ikkje igjen i neste omgang få avgjerande innverknad på skrivemåten av stadnamn (bruksnamn eller gardsnamn), slik høyingsframlegget legg opp til.
- Alle stadnamn hører til vår felles norske språkkultur som ikkje private interesser skal normera.

- Skiftande grunneigarar med ulik oppfatning av skrivemåten av bruksnamnet kan ikkje gje varierande bruksnamn offisielle funksjonar (kart, adresser o.a.).

Meir praktiske konsekvensar:

- Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn må følgja vanlege rettskrivingsprinsipp. Dersom skrivemåten ikkje følgjer vanlege rettskrivingsprinsipp og har varierande former, kan resultatet verta forvirring i adressesøk eller søk i nettenester (GPS, redningsteneste, ambulanse- og brannutrykking). Sidan folk flest naturleg nok vil søkja namn i ei form som følgjer vanleg norsk rettskriving, vil avvikande namneformer ikkje dukka opp i søkeret.
- Det vil verta problematisk i praksis å skilja mellom gardsnamn (offentleg normering) og bruksnamn (privat normering). Eit slikt skilje er kunstig, og folk flest skil ikkje klart mellom desse kategoriane.
- Allmenn forvirring vil verta resultatet dersom brukarane finn eit stadnamn på kartet i varierande former, også frå kartutgåve til kartutgåve (*Vik, Wiik, Vig*, osb.). Formvariasjonen vil også by på utfordringar for Kartverket.

Andre konsekvensar:

- Det vil vera opplagt uheldig om ein grunneigar får medhald i ein skrivemåte som bryt med etymologisk opphav (typen «*Stråbø*») og lokal og ofte eldgammal uttale (typen /stråpa/).
- Premissane for godkjenning av endring av namn er uklåre. Hovudkravet er «at den ønskede skrivemåten har vært i offentlig bruk på stedet». Fleire skrivemåtar kan ha vore i bruk, og ulike grunneigarar kan ha ulik oppfatning av korleis bruksnamnet skal skrivast.

Til slutt vil vi gjerne peika på at vi ikkje kjenner frå noko anna land i vår kulturkrins ein praksis med privat og vekslande normering av stadnamn i bruk på kart og i andre offisielle funksjonar. Dersom Departementet sine endringar i lov om stadnamn skulle verta vedtekne, vil Noreg verta ståande nokså åleine i ein slik inkonsekvent normeringspraksis.

Norsk namnelag
v/Olav Veka
leiar

HØRINGSSVAR TIL KULTURDEPARTEMENTET
Til «Oppfølging av Stortingets dokument nr. 8:58 (2007–2008):
Forslag til endring i lov om stadnamn»

16. april 2012 la Kulturdepartementet fram et endringsforslag til lov om stadnamn, som en oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007–2008). Samarbeidsnemnda for namnegransking har behandlet forslaget og vil med dette gi sitt høringsssvar til forslaget.

Samarbeidsnemnda for namnegransking har merket seg at forslaget går inn for at *gardsnavn* fremdeles skal fastsettes etter dagens saksbehandlingsregler, men at *bruksnavn* skal kunne fastsettes etter grunneier/festers ønske «hvis det kan dokumenteres at den ønskede skrivemåten har vært i offentlig bruk». Samarbeidsnemnda mener at dette bryter med et viktig normeringsprinsipp som har vært gjeldende i lang tid, nemlig at det skal være én navneform pr. plass (navnepunkt), og denne formen bør ha én skrivemåte, og stiller på prinsipielt grunnlag seg derfor avvisende til endringsforslagene i §§ 6 og 8.

Slik forslaget nå ligger, åpner det mulighet for at det etableres en dobbelt standard for normering og skriving av stedsnavn i Norge. Noen navn, altså gårdsnavn, skal underkastes offentlig normering på grunnlag av nedarvet muntlig overlevering og skrives etter vanlig, gjeldende rettskriving. Andre navn, altså bruksnavn, skal derimot kunne skrives i en ikke-gjeldende rettskrivning etter ønske fra eier/fester dersom skrivemåten kan dokumenteres i offentlig bruk.

Det er en gammel regel at eieren selv har råderett over *eiendommen*, men å gi eier/fester adgang til å velge fritt en *navneform* er noe helt nytt i norsk stedsnavnnormering. Kravet om dokumentert offentlig bruk av en navneform er i denne sammenheng ikke entydig nok: Alt etter hva slags eller hvor gamle kilder en bruker, kan «offentlig bruk» være inkonsekvent og variabel. Det er nemlig spørsmål om navneformer hentet fra dokumenter fra 1600-, 1700- og 1800-tallet passer som kildegrunnlag, og om smak og preferanser hos den enkelte bruker skal avgjøre hvilke dokument som skal ligge til grunn. På en og samme gard kan en få en situasjon der en bruker/fester velger en skrivemåte, f.eks. tatt fra en 1600-talls kilde, mens en annen bruker/fester foretrekker en annen skrivemåte, f.eks. tatt fra en sein 1700-talls kilde i utpreget dansk form.

Så langt Samarbeidsnemnda kan se, åpner endringsforslagene for at skrivemåten av bruksnavnene kan følge andre prinsipp enn de som vi finner i den gjengse rettskriving, og vil derfor gi et inntrykk av mangel på system og klarhet.

For Samarbeidsnemnda for namnegransking
Ole-Jørgen Johannessen
leder

NORNA-NYTT

DEN FEMTANDE NORDISKE NAMNEFORSKARKONGRESSEN

Frå 6. til 9. juni 2012 blei den femtande nordiske namneforskarkongressen halden i Askov i Sønderjylland i Danmark. Sjølve konferansen fann stad på Askov højskole, som har vore «højborg» for Grundtvigs tankar om folkehøgskulen.

I alt vart det halde 39 føredrag over dei fire dagane, og hovudtemaet for kongressen var «Navne og skel – Skellet mellom navne», med eit ganske så variert forråd av føredrag. Dei norske føredragstilane var «Navnetypes geografi og kronologi – hvor finner man de tydeligste grensene?» (Vidar Haslum), «Førenamnsgeografi i Noreg i 1801 – utprøving av klyngjedanning på eit stort onomastisk materiale» (Torodd Kinn), «Stadnamn og dialektksilje» (Inge Særheim), «Terminologibasen for personnamn – data-maskinelt opplegg» (Gulbrand Alhaug), og «*Bytesbekk* og *Skiljingeskars*. Stadnamn som uttrykk for motsetjing og semje» (Botolv Helleland). Grunna streik måtte Gudlaug Nedreliid melda avbod for sitt føredrag, «*Laila Aase* og *Vidar Jacob*. Likelydande førenamn og etternamn.»

Det var 59 påmelde deltakarar til denne kongressen som alle såg ut til å trivast godt. Det tettpakka programmet gav rom til sosiale aktivitetar ved sida av det faglige. Ein ekskursjon blei lagd til den eldste byen i Norden, Ribe, med nokre strategiske stopp på vegn. Ribe blei grunnlagd som handelsby om lag 704–710 og er rik på historie frå vikingtid og mellomalder, grunna den strategiske plasseringa. Her fekk me ei arkeologisk omvising og ei oppsummering av historiske hendingar. Som ei følgje av å liggja i marsken ved Vadehavet, har byen vore sett under vatn fleire gonger. Frå Æ Markmandshus (riksdansk *Markmandshuset*) kunne me verkelig sjå kor overveldande flatt landskapet var, og dei karakteristiske «værfter», anten naturlige eller menneskekonstruerte jordforhøgingar som ein har reist gardane sine på for å halda dei tørre under flaum. Eit anna stopp under ekskursjonen var mellomalderkyrkja Brøns Kirke, der ein kunne snika seg opp på loftet for å lesa runer innskorne i treverket eller nyta kalkmåleria frå reformasjonstida på veggene.

Dette området har vore under både dansk og tysk styre og har spennande historie på alle måtar. Kongeåen var grensa mellom Danmark og Tyskland mellom 1864 og 1920, og det var nettopp denne grensa som var grunnlaget for at Askov Højskole blei grunnlagd. Skulen er ei vidareføring av skulen i Rødding, som var Danmarks første folkehøgskule. Rødding låg frå 1864 av i Tyskland, og året etter blei Askov Højskole grunnlagd av di ein ikkje ønskte å vera under den tyske staten. Skulen blir styrt tett opp til dei tankar og prinsippa Grundtvig sjølv hadde, og blir derfor kalla for Grundtvigs

«højborg». Her finst òg det leiande biblioteket når det gjeld litteratur av og om Grundtvig i Danmark.

Både innkvartering og føredraga var lagde til høgskulen, og omgivnaden var rolige og rurale, med fuglekwitter og raslande lauvtre som innslag i atmosfæren. I tillegg til namnegranskarane budde det framleis ein heil del tenåringar som gjekk på skulen. På den siste konferansedagen hadde nokre av desse elevane eksamen i lokala like ved føredragshallane. Elles åt dei i den same store matsalen som vi, men heldt seg mest for seg sjølve på det romslige høgskuleområdet.

Sju land var representerte med delegasjonar ved kongressen, og på generalforsamlinga blei nye komitémedlemmer valde. Den førre komiteen har hatt ein periode på fem år, altså eitt år lengre enn ein ordinær periode, noko som heng saman med at ein vil unngå å ha nordisk kongress same året som dei internasjonale namnekongressane. Det mest spennande utfallet av denne generalforsamlinga var kanskje at eit ruvande fleirtal stemte for å endra forskriftene, slik at Grønland nå har blitt ein fullverdig medlem av NORNA-komiteen. Med denne endringa består altså NORNA-samarbeidet av dei sju landa Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. Dette tyder òg at det nå er ope for Grønland å invitera til symposium eller kongress. (Sjå anna oppslag om den nye NORNA-komiteen.)

Som fyrstegongsdeltakande på ein NORNA-kongress har det vore eit forrykande opphold i Danmark og nokre verkelig interessante dagar. Den store mengda av føredrag måtte fordelast på fleire sesjonar med deltema under hovudtemaet, som «Stednavne og sprogkontakt» og «Personnavnevariation og navnefraser». Ein kunne velja kva sesjon ein ville prioritera, men ein kunne òg velja mellom enkeltføredrag, noko som gjorde at ein måtte stå på spranget kvar gong ein ville til ein annan sal. Der blei framlagt både vidareføring av tidligare forskingstradisjonar og prosjekt med nye tankar og idear, og alt i alt gav konferansen eit godt inntrykk av at namnegranskinga er ei utømmelig kjelde til vidare forsking. Dette synte seg òg gjennom tilstrøyminga av unge forskrarar, spesielt frå Danmark. Nå er det berre å førebu og glede seg til neste konferanse – kanskje blir det på Grønland?

Krister Vasshus
krister.vasshus@gmail.com

FN-NYTT

REFERAT FRA UNGEGN NORDEN DIVISIONS MØDE 10. JUNI 2012 I KØBENHAVN

Tilstede: Peder Gammeltoft, Danmark, John Jensen, Danmark, Leila Matt-folk, Finland, Kristin Magnussen, Færøerne, Carl Christian Olsen, Grønland, Botolv Helleland, Norge, Oddmund Vestenfor, Norge, Lisa Monica Aslaksen, Norge, Annette Torensjö, Sverige, Leif Nilsson, Sverige, Staffan Nyström, Sverige.

Peder Gammeltoft bød velkommen og var glad for at så mange var mødt selv om mødet blev holdt på en søndag. John Jensen blev valgt til referent.

Sverige: I januar 2010 fik de nationale minoriteter flere rettigheder gennem loven om «Nationale Minoriteter og Minoritetssprog». Loven omhandler ikke stednavne. Annette Torensjö deltager i et arbejde med repræsentanter fra styrelser og ministerier for at få en afklaring på dette. Efter at kirke og stat er blevet adskilt i Sverige, er sogneinddelingen både blevet meget forandret samt konstant foranderlig. Derfor arbejdes der på at indføre en ny, fastlåst, administrativ inddeling baseret på den historiske sogneinddeling. Diskussioner foregår til stadighed.

Færøerne: Udgivelsen af et nyt skoleatlas har voldt en del besvær, da det viste sig at navnestoffet indeholdt en del fejl. Dette er nu rettet og ligeledes er navnestoffet på nye sokort ført ajour. Færøerne har fået sit eget stednavnenævn/udvalg.

Finland: Institut for Sprog og Lantmäteriet har fremlagt et forslag for den finske regering om at foretage forberedelser for en finsk stednavnelov. Problemer med Ålandsøerne der egenhaændigt har besluttet at slette den finsksprogede form, *Ahvenanmaa*, selv om de ikke har hjemmel for dette. Der foretages stadig kommunesammenlægninger.

Norge: Repræsentationen i UNGEGN har været ramt af flere forskellige personlige forhold. Alle kommuner skal have vejnavne og adresser inden 2015. Efter lang sagsbehandling ser det nu ud til at der kommer en ændring til stednavneloven. Læs nærmere her: www.statkart.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=12770. Af aktuelle stednavnesager blev omtalt samisk og kvænsk normering af stednavne i tosproglige kommuner.

Grønland: I forbindelse med udgivelsen af nye sokort bliver nygrønlandske brugt til retskrivningen af stednavnene. Der er til dette brug indsamlet en del nye stednavne som også vil blive brugt til kommende nyudgivelser af topografiske kort. En ny og strengere sproglov er vedtaget i 2010. Læs mere her: <http://sermitsiaq.ag/node/117951>. Stednavnene i «Nationalparken» har speciel karakter da den ikke er beboet af grønlændere. Derfor forekommer her mange europæiske stednavne.

Danmark: «State of the Art» skal være med til at sikre at Kort- og Matrikelstyrelsen (KMS) er på forkant med udviklingen. I 2011 blev det valgt at sætte fokus på stednavne. Her blev gennem gruppearbejder, panel-diskussioner og foredrag belyst mange sider af begrebet stednavn. Af emner kan nævnes infrastruktur, *crowd sourcing*, nationalt stednavneregister, lovgivning m.m.

Regeringen, kommunerne og regionerne har lanceret en ny «Fællesoffenlig Digitaliseringstrategi» (FOD). Der er igangsat en del initiativer, og én af dem omhandler stednavne. Dette kan måske bane vejen for et Nationalt Stednavneregister og ikke mindst en stednavnelov. KMS har lanceret en App der omhandler gadehistorier. Læs om denne App og se nogle plakater fra «State of the Art» her: www.kms.dk/Sepaakort/Kort+til+print/korttilprint.htm.

Landerapporter, divisionsrapport, opdateringer af «Toponymic Guidelines» og andre mindre indlæg vil være de arbejdspapirer de nordiske lande sender til sessionen og konferencen. Specielt skal nævnes Finlands indlæg om tiltag for en stednavnelov og Norges ændringer til deres stednavnelov. Der var et ønske fra Grønland om et arbejdspapir omhandlende «inuit-featuretypes». Carl Christian Olsen udarbejder dette, og det kan så evt. indgå under punkt 8c på konferencedagsordenen.

Norge stod for tur til at overtage formandskabet, men pga. problemerne i UNGEGN-repræsentationen p.t. enedes divisionen om at lade Danmark tage endnu en periode frem til 11. konference i 2017.

De nordiske lande arbejder alle inden for deres respektive INSPIRE-lovgivninger. Med hensyn til EGN er det mest Finland og Norge der har været aktive. Sverige og Danmark har p.t. stillet deltagelsen i bero pga. af den økonomiske model for data. Under dette punkt nævnte Botolv Helleland også at vi skal være opmærksom på tiltaget fra FN ang. det såkaldte GGIM-projekt (en slags INSPIRE for hele verden). De nordiske landes NMA'er i øjeblikket repræsenteret i dette arbejde af Jarmo Ratia fra det finske Lantmäteriverk. Læs mere her: <http://ggim.un.org/>, www.gpsworld.com/gis/gss-weekly/united-nations-five-ten-year-vision-geospatial-information-management-12932.

Leif Nilsson fremlagde et notat fra Nordisk Sprogmøde i 2007 med titlen «Navne, navnebehandling og sprogpolitik i et Flersproget Norden». Vi enedes om at dette notat bør eftersendes som tillæg for Norden Division-rapporten. Læs mere her: www.nordisk-sprakrad.no/dokumenter/Uttalelse-Uppsala.pdf.

John Jensen
jnj@kms.dk

FN-KONFERENS I NEW YORK MED NORSKT PRESIDENTSKAP
FN:s högkvarter, New York, 30 juli–10 augusti 2012

I augusti i år genomfördes den tionde konferensen och den tjugosjunde sessionen med United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN). Mötet hölls i FN:s högkvarter i New York, och drygt 150 delegater från ett 70-tal länder deltog.

Bakgrunden till UNGEGN och dess arbete är i korthet följande. Ekonomiska och sociala rådet i FN (ECOSOC) tog på 1950-talet upp frågan om internationell «standardisering av geografiska namn», som är det begrepp som används i dessa sammanhang. Det innebär att namnen fastställs till sin skrivna form och att man inkluderar ortnamn i mycket vid bemärkelse. Målet är ett klart och entydigt internationellt namnskick, och man konstaterade tidigt att det är ett arbete som måste börja på nationell nivå. Den ortnamnsvård som vi bedriver i de nordiska länderna är exempel på detta.

I enlighet med en resolution i ECOSOC sammankallade generalsekreteraren 1960 en mindre grupp specialister för att diskutera standardisering av ortnamn. Dessa fick senare i uppdrag att förbereda en konferens i detta ämne, och den kom att genomföras i Genève 1967. Därefter har sådana konferenser hållits i princip vart femte år. Vid den andra konferensen i London 1972 föreslogs att man skulle inrätta en mer beständig expertgrupp, vilket skedde året därför.

UNGEGN är ett av sju expertorgan inom ECOSOC och sammanträder normalt vartannat år samt i anslutning till konferenserna. Enligt gruppens stadgar skall den bl.a. underlätta tillgången på vetenskaplig och teknisk hjälp, särskilt för utvecklingsländerna. Den skall också främja samarbetet bland medlemsländerna och mellan dessa och internationella organisationer i frågor om standardisering av ortnamn. Vidare skall gruppen vara ett rådgivande organ i detta vetenskapligt baserade arbete och verka för att konferensernas resolutioner genomförs.

De deltagande länderna är indelade i «divisions» (numera 24 stycken) utifrån språkliga och/eller geografiska kriterier. De nordiska länderna bildar Norden Division. Vid årets divisionsmöte i Köpenhamn den 10 juni omvaldes Peder Gammeltoft som ordförande och John Jensen som sekreterare. I New York, där vi också höll ett kortare divisionsmöte, representerades Norden Division av Peder och John från Danmark, Sirkka Paikkala och Teemu Leskinen från Finland, Annette Torensjö, Staffan Nyström och undertecknad från Sverige samt Botolv Helleland från Norge. Botolv är den nordiske nestorn i sammanhanget. Han har varit norsk representant sedan 1987, och i sin kanske – med ålderns rätt – sista konferens fick han med kort varsel träda in som «president» och gjorde det på ett utmärkt sätt. Dessutom utsågs Peder Gammeltoft till konferensens «rapporteur», och över huvud taget återfinns de nordiska delegaterna i ett flertal viktiga roller

i dessa sammanhang. Till ny ordförande i UNGEGN valdes australiensaren Bill Watt. Han efterträder Helen Kerfoot, Kanada, som under tio år som ansvarig gjort en fantastisk insats som ambassadör för denna verksamhet.

Dagordningen följer en stående agenda, och mycket tid går åt för olika typer av rapportering. Här informerade vi om aktuell verksamhet i Danmark, Finland, Norge och Sverige. Totalt presenterades närmare 200 «conference papers/working papers» på diverse teman, såsom skapandet av nationella ortnamnsmyndigheter och aktiviteter för lagstiftning om ortnamn. Speciellt intressant just denna gång var en rapport om vilka effekter «arabvåren» förra året fått på namnskicket i de berörda länderna.

Vid varje konferens antas ett antal resolutioner, och här kan särskilt nämñas en resolution om ortnamnen som en del av kulturarvet och en om att ansvariga myndigheter bör avråda från den kommersialisering av ortnamnen som blivit allt vanligare. Båda har en uppenbar koppling till Unesco-konventionen om det immateriella kulturarvet, som ju är aktuell i flera av länderna i Norden Division.

Från mötet som helhet domineras annars två intryck. Dels sätter förstås IT-utvecklingen allt tydligare spår också här, inte minst vad gäller möjligheterna att få material och information via Internet. Dels är det tyvärr så att standardiseringsarbetet i utvecklingsländerna går mycket långsamt, trots de utbildningsinsatser som görs.

Leif Nilsson, Uppsala
leif.nilsson@sofi.se

RAPPORT FRÅ DELTAKING I FNs 10. KONFERANSE OM NORMERING AV STADNAMN New York 31. juli–9. august 2012

Sendt til Språkrådet, Kulturdepartementet, Utanriksdepartementet / Noregs faste FN-delegasjon i New York, Universitetet i Oslo / Institutt for lingvistiske og nordiske studium.

1. Oppnemning

Underskrivne har delteke i FN-organet UNGEGN (United Nations Group of Experts on the Standardization of Geographical Names) og UNCSGN (United Nations Conference on the Standardization of Geographical Names) sidan 1987. Sidan etterfylgjaren Terje Larsen slutta som sekretær for stadnamntenesta, og den noverande sekretæren Ingvil Nordland har hatt sjukepermisjon, har Språkrådet bede meg om å representera Noreg på denne konferansen. Dette vart stadfest av Kulturdepartementet og Utanriks-

departementet, som gjennom Noregs faste FN-delegasjon ordna med akkreditiv og inngangskort. Sidan Kartverket ikkje var representert denne gongen, var eg den einaste frå Noreg. Susan Eckøy frå FN-delegasjonen var til stades fyrste dagen. Reiseutgiftene vert dekte av Språkrådet.

2. Medverknad i konferansen

Vanleg praksis ved dette arrangementet er at det vert halde eit møte i ekspertgruppa (UNGEGN) dagen før sjølve konferansen og dagen etter konferansen. Her vert presidenten for konferansen saman med to visepresidentar og ein rapportør nominert. Eg vart to dagar før eg reiste, beden om å stilla som kandidat til presidentvervet ettersom den som var utpeika tidlegare, ikkje kunne koma. Sjølve valet vart gjennomført fyrste dagen på konferansen under leiing av direktøren for Statistics Division, Paul Cheung. Dei andre medlemene i presidentskapet går fram av vedlegg. Her er òg programmet for konferansen attgjeve. Sjølve rapporten finn ein på nettadressa: <http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/docs/10th-uncsgn-docs/Report-Adopted.pdf>.

3. Gjennomføring av konferansen

Arbeidet med normering av geografiske namn (stadnamn) i FN er ei fagleg og teknisk verksemd. For det meste vart dei rundt 200 dokumenta med tilhøyrande framføring og spørsmålsrunde avvikla på ein konstruktiv måte, og det vart kasta lys over ei lang rekke viktige sider ved arbeidet, alt frå innsamling til normeringsprosedyre og karttekniske problemstillingar. Likevel kjem det ved kvar konferanse opp nokre politiske stridsspørsmål, slik også ved denne konferansen. Særleg er namnet på havområdet mellom Japan og Korea (på engelsk *Sea of Japan / East Sea (of Korea)*) ein gjengangar, slik også her. Dei to landa har i lang tid drive lobbyverksemd for å fremja sine syn. UD gav på førehand melding om at Noreg stiller seg nøytral i saka. No er det slik at det ikkje er røysting om slike saker, og FNs syn er at kontroversielle namnespørsmål skal avgjerast av partane det gjeld. Når det vert teke avgjerd av meir generell art, skal det skje ved konsensus.

Andre politiske konstellasjonar som dukka opp, og som måtte handterast på diplomatisk vis, var Israel i høve til Palestina (der Israel ikkje godkjenner Palestina som fullverdig nasjon), Kypros og Tyrkia (statusen til den tyrkiske delen), Hellas og Makedonia (*The Former Yugoslav Republic of Macedonia*). Siste dagen vart svært hektisk for å koma fram til ein ordlyd som dei ulike partane kunne godta. Det lukkast ikkje for Korea–Japan-tvisten, og det vart vedteke å ta ut det punktet i konferanserapporten, og at partane innan oktober skulle koma til ei semje om ordlyden ved det som vert kalla «referendum». Før det er på plass, får ikkje rapporten status som endeleg vedteken.

Sjølv om eg hadde eit utfordrande oppdrag, fekk eg takk for innsatsen ved avslutninga av konferansen. Ein grunn til at det gjekk så bra som det kunne, er at FN-sekretariatet med sine tre–fire personar ved podiet kunne kommentera den praksis som galdt ved kontroversielle spørsmål. Nokre dagar trong eg berre opna møtet for så å overlata klubba til dei fire «tekniske» komitéane. Eg kunne då gå attende til plassen bak skiltet «Norway».

4. Framføring av arbeidsdokument (*working papers*) frå Noreg

Fylgjande seks dokument vart lagde fram på konferansen:

4.1. Report of Norway – om ulike aktivitetar knytte til stadnamnnormering i femårsperioden 2007–2012.

http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/docs/10th-uncsgn-docs/crp/E_Conf.101_CRP10_Report%20of%20Norway.pdf

4.2. Assignment of street addresses – om kursverksemda og arbeidet med adressenamn og adressetilleggsnamn.

http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/docs/10th-uncsgn-docs/crp/E_Conf.101_CRP21_Assignment%20of%20street%20addresses.pdf

4.3. Private vs. public standardization of names of single holdings – om konsekvensar av privat fastsettjing av skrivemåten av bruksnamn motsett offentleg normering.

http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/docs/10th-uncsgn-docs/crp/E_Conf.101_CRP22_Private%20vs.%20public%20standardization%20of%20names%20of%20single%20holdings.pdf

4.4. Bringing Place-Names Closer to the Locals – om eit prosjekt i Vinje der lokale stadnamn og personnamn skal gjerast tilgjengelege på heimesida til kommunen.

http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/docs/10th-uncsgn-docs/crp/E_CONF.101_CRP3_Bringing%20Place-Names%20Closer%20to%20the%20Locals.pdf

4.5. Summary of Division Reports (saman med Helen Kerfoot) – eit samandrag av rapportane frå divisjonane i UNGEGN, i samarbeid med Helen Kerfoot.

http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/docs/10th-uncsgn-docs/crp/E_CONF.101_CRP37_Summary%20of%20Division%20reports.pdf

4.6. Report of the Liaison Officer, International Council of Onomastic Sciences (ICOS) 2007–2012 – ei melding om verksemda i den internasjonale namnegranskorganisasjonen ICOS.

5. Norden Division/Norden-divisjonen

Ein meir utførleg omtale av dette punktet finst i referatet til Leif Nilsson ovanfor.

6. Norsk støtte til deltagarar frå utviklingsland

Noreg har etter oppmading frå leiaren i UNGEGN og FN-sekretariatet gjeve reise- og opphaldsstøtte til to deltagarar ved konferansen, nemleg Eman Orieby frå Egypt og Nivo Ratovoarison frå Madagaskar, båe kvinner og båe aktive på konferansen. Etter mitt syn er dette ein god måte å nytta utviklingshjelp på ettersom ei god fagleg og teknisk handtering av namnverket er viktig for veksten i samfunnet.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no



Presidenten: Botolv Helleland leidde den tiande FN-konferansen om namn,
New York, 30. juli–10. august 2012.

ANNA MELDINGSSTOFF



JOHAN ANTHON SCHULZE
1924–2012


Johan Anthon Schulze ville ha fylt 88 år 25. mai i år. Heilt fram til mars i år var han fagleg aktiv: Ein artikkel om ei 1500-talls svartebok vart utgjeven i *Vestfoldminne* like før han døydde. Det gledde han mykje å få sjå dette på trykk. Nokre månader tidlegare hadde eg snakka med han om eit stykke om stadnamn i Grenland til *Nytt om namn*. Han har skrive fleire artiklar om namneproblem, men det var fyrst og fremst målføre som var fagfeltet hans. For nokre få år sidan skreiv han ein framifrå artikkel om kjosemålet i boka *Stedsnavn i Kjose* som eg sjølv redigerte. I den bibliografien som Geirr Wiggen har sett opp (i *Tidsskrift for Telemark historielag* 2006), går det fram at han har ein stor produksjon bak seg. Grannsemrd er eit ord ein kan nytta om hans vitskaplege arbeid.

Men det er det meir anonyme arkivtilværet som har vore kvardagen til Johan Schulze. Han byrja på Norsk målførerarkiv i 1947 og heldt fram der til han gjekk av for aldersgrensa i 1993. Han var ein arbeidsmaur som sette små krav til omgivnaden. Han arbeidde med Norsk dialektatlas i mange år, og han arbeidde med ALE, det europeiske språkatlaset. Den såkalla synoppsisen over norske målførereformer der han har gjort ein stor innsats, er uvurderleg og har vore og er til stor nytte for det norske ordboksverket og for norsk målgransking allment. I tillegg til arkivarbeidet har han drive omfattande innsamling av målføre og stadnamntilfang, særleg i det vikværskje området. Han etterlét seg ei omfattande samling av eigne oppskrifter.

Johan Schulze var ein venesæl mann, alltid hjelksam. Var det spørsmål om ein lydkvalitet, lydde rådet: «Gå til Johan Anthon.» Det er mange av

oss som har hatt glede av kunnskapen hans, både studentar og granskurar og interesserte elles. Han har fått velfortent takk i mange vitskaplege publikasjonar. Den samla innsatsen hans vil stå seg for alle tider. Eg vil på vegner av instituttet uttrykkja takksemd for det han har gjeve faget nordistikk. Fred over minnet hans.

*Botolv Helleland heldt desse minneorda frå ILN ved bisetjinga til
Johan Anthon Schulze 2. mai.*



NAMNEGRANSKAREN ERNST EICHLER DØD

Den kjende tyske namnegranskaren Ernst Eichler døydde 29. juni 2012, 82 år gammal. Han grunnla og var mangeårig leiar i Laget for namnegranskning (Gesellschaft für Namenforschung) ved universitetet i Leipzig. Ernst Eichler var ein framståande slavist og var med på å byggja opp Leipzig som eit internasjonalt tyngdepunkt innanfor namnegranskning. Særleg har han vunne gjetord gjennom granskingane sine i slaviske stadnamn og andre namn i Leipzig, Midt-Tyskland og dei tysk-slaviske kontaktområda. Han grunnla tidsskriftet *Namenkundliche Informationen* og tok initiativ til fleire språk- og namnevitskaplege bokrekker. Han gjorde òg tiltak til å starta opp undervisning i namnegranskning ved universitetet i Leipzig. Vidare har han æra for at det kom i gang ei namneteneste ved universitetet der.

Dietlind Kremer
 dietlind.kremer@gmx.de
 (Omsett frå tysk av Botolv Helleland)

SAMLING ETTER ØYSTEIN FRØYSADAL

Ved Stadnamnarkivet ved LLE ved Universitetet i Bergen (UiB) har ein no ordna og katalogisert ei samling med stadnamnoppskrifter og diverse anna materiale etter Øystein Frøysadal (1918–1969). Katalogen vil snart bli lagd ut på nettet.

Frøysadal var tilsett som amanuensis og seinare fyrsteamanuensis i nordisk språkvitskap ved Institutt for nordisk filologi, seinare Nordisk institutt, ved UiB frå 1960 til han gjekk bort i 1969, berre 51 år gammal. Etter avlagd embeteksamen i 1947 (med hovudoppgåve om stadnamn frå heimstaden Romfo sokn i Sunndalen) var han lektor ved Sunnfjord gymnas i Dale frå 1947 til 1950 og ved Tanks skole i Bergen frå 1950 til 1960. Frå 1950 til 1954 var han òg vitskapleg assistent ved Folkeminnesamlingi i Bergen, og seinare dreiv han, i tillegg til lærargjerninga, med oppskriving og innsamling av målføre og stadnamn for Målføresamlinga og Stadnamnarkivet ved Universitetet i Bergen. Han var også ein omtykt og mykje brukt føredragshaldar, i radioen og på omfattande føredragsturnear på heile Vestlandet, ofte i regi av Kontaktutvalet for Universitetet i Bergen, der han var sekretær. Hovudinteressa til Frøysadal var stadnamn, med vekt på tolking (jf. artikkelen «*Parrik*» i *Maal og Minne* 1968, s. 139–150) og på systematisering (jf. samlingar av typen «Namn på rennande vatn i Hardanger»; sjå nedanfor).

Mykje materiale etter Frøysadal fanst i samlingane på Nordisk institutt frå før, og for vel ti år sidan overlét enkja etter Frøysadal fleire kartongar med etterlate materiale til instituttet. Det er dette materialet som no er systematisert og katalogisert. Til saman er det 830 katalognummer som er plasserte i 35 arkivboksar og nokre seteltrau. Materialet omfattar sju setelsamlingar med til saman 8492 setlar, m.a. «Namn på rennande vatn i Hardanger» og «Namn på stilleståande vatn i Hardanger». Det er 144 kart av ulike slag (mange med namnenummer som er knytte til stadnamnoppskrifter). Kategorien «Oppskrifter, manuskript og føredrag» er på 195 katalognummer og viser litt av spennet i interesser hos Frøysadal. Her er oppskrifter om rennande vatn for dei einskilde kommunane i Hardanger, stadnamnoppskrifter frå Hordaland og Sogn og Fjordane ordna tematisk eller etter grunnord og målføreoppeskifter og spreidde stadnamnoppskrifter frå einskildkommunar. I bolken føredrag og talar finn me føredrag om einskildstadnamn og om stadnamnklassar, men òg 17. mai-talar, føredrag om rusdrykken sine skadeverknader, føredrag med titlar som «Kvinnene og samfunnet», «Bjørnson som nasjonallyriker», «Ibsens *Brand*» og notat som har vore nytta ved føredrag om etternamna til elevane ved f.eks. Fana folkehøgskule, år etter år. Ekserpt og grunnlagsmateriale til diverse artiklar og samlingar utgjer 116 katalognummer. Mellom anna er det her ei samling med utfylte spørjelister om *ølbollerim*, som er grunnlag for ei setelsamling

om slike rim. Avisartiklar og avisutklipp utgjer heile 442 katalognummer. 37 av desse gjeld artiklar av Frøysadal sjølv (19 kronikkar/artiklar og 18 bokmeldingar). Elles handlar dei fleste avisartikklane om stadnamn og vegnamn, men det er òg mange artiklar om geografiske og kulturhistoriske emne. Til slutt er det 24 katalognummer som gjeld artiklar av og korrespondanse med andre enn Frøysadal (særleg Olai Skulerud, professor ved Nordisk institutt 1944–1951).

Litteratur

Oddvar Nes. 1996. Øystein Frøysadal. I *Fagprofilar ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen 1946–1996*. Red. Jarle Bondevik, Willy Dahl og Sigurd Aa. Aarnes, s. 61–65. Bergen.

Jarle Halveg
jarle.halveg@lle.uib.no



OLE-JØRGEN JOHANNESSEN 70 ÅR

Ein av dei mest aktive og respekterte namnegranskarane i landet, fyrstemanuensis Ole-Jørgen Johannessen, runda 70 år 13. juli i år. Som vaskekte bergensar var ingenting meir naturleg enn at han fekk sin faglege kvardag knytt til Universitetet i Bergen, og då ved Nordisk institutt, som han har lika å kalla det òg etter samanslåinga med andre einingar til Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (LLE). Han har hatt ombod både som instituttstyrar og dekan. Ole-Jørgen vart heidra med ei samkome på instituttet 5. september og mottok då festskriftet *Norrøne og navnefaglige studier*. Tittelen samanfatar dei faglege tyngdepunkta hans. I tillegg til ein omfattande vitskapleg produksjon på desse felta har han undervist og hatt styringsansvaret for Stadnamnsamlinga ved Universitetet

i Bergen. Ole-Jørgen har gjort ein stor innsats for innsamling av stadnamn på Vestlandet og elles vore oppteken av nasjonalt samarbeid i faget. Han har vore, og er framleis, leiar for Samarbeidsnemnda for namnegransking og ein av namnekonsulentane for Vestlandet. Eit visst avbrot i den vitskaplege karrieren hadde han som Ap-politikar i 1990-åra, både som kommunalpolitikar, vararepresentant til Stortinget og statssekretær. Men bra at han vende attende til vitskapen. I tillegg til å ynskja vel overstått 70-årsdag vil *Nytt om namn* vona at han enno i mange år vert verande ein aktiv og inspirerande medarbeidar i norsk namnegransking. Det trengst.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NAVNEVANDRING 14. SEPTEMBER

Etter fjarårets suksess ble det også i år navnevandring under Oslo kulturnatt fredag 14. september. Vandringen ble ledet av Botolv Helleland og gikk fra Frederikkeplassen på Blindern til Stensparken, med flere stopp underveis. De rundt tyve fremmøtte fikk høre både om enkeltnavn i Oslo og deres opprinnelse og betydning, men også mer generelt om navnsetting, navnevern og normering. Neste års navnevandring er allerede under planlegging, så hvis du gikk glipp av denne turen, blir det nye muligheter neste kulturnatt!

Line Lysaker Heinesen
l.l.heinesen@iln.uio.no

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

NAMNET PÅ KOLBOTN SKOLE

Frå heimesida åt Kolbotn skole saksar me denne historia om korleis namnet Kolbotn vart til. Teksta er opphavleg prenta i eit 50-årsjubileumshefte for skulen og byggjer på ein samtale mellom Knut Eidem og tidlegare bygningssjef Karl A. Thingsstad, sjå www.kolbotn.gs.ah.no/om-skolen/skolens-historie.

Navnet vårt har vi på en måte forfatteren Oskar Bråten å takke for. I Oppegård kommunes historie kan vi lese om den store navnestriden i 1919,

foranlediget av at Norges Statsbaner ønsket skrivemåten av de tre stasjonsnavnene *Kullebunden*, *Myrvold* og *Oppegaard* forandret i pakt med den nye rettskrivingen. Herredsstyret oppnevnte en komité til å komme med forslag, forfatteren Oskar Bråten var formann. Det er han som kommer med velbegrunnet forslag om å forandre *Kullebunden* til *Kolbotn*. Han konkluderer med å si «Det er et greit navn. Et godt navn. Et norsk navn. Et vakkert navn». Flertallet i komiteen støtter dette forslaget, mens mindretallet går inn for formen *Kullbunn*, subsidiært *Kølabånn*. Dette er overlærer M. Grans forslag, og det er minst like velbegrunnet. Herredsstyret gikk mot én stemme inn for formen *Kullbunn*, men departementet bestemte at stasjonen, telegrafen og posten skulle hete *Kolbotn*. I kretsøte 10/10-1920 ble navnet diskutert, det ble anført at det var sendt så mange protester inn til departementet at det slett ikke var avgjort enda hva det endelige resultatet ville bli. Møtet vedtok til sist følgende: «Foreldremøtet avholdt på Kullebunn skole 10/10-1920 protesterer på det skarpeste mot at skolestyret har forandret skolekretsens navn til *Kolbotn* og fordrer det gamle navn bibeholdt, dog med den forandring som av herredsstyret anbefalt – *Kullebunn*». Resolusjonen ble sendt skolestyret, formannskapet og departementet. Skolen kom til å bli hetende *Kolbotn*, dette navnet er således litt eldre enn skolen her. Av og til når en ser hvordan barna radbrekker navnet og skriver f.eks. *Kålåten*, må en sende overlærer Gran en tanke, som anførte mot forslaget *Kolbotn* at «det er fremmed for uttalen og uten eksistensrett i sydøst-norsk dagligtale».

AKTUELLE NAMNEPROSJEKT

RAPPORT OM STADNAMNINNSAMLING OG STADNAMNGRANSKING LEVERT KULTURDEPARTEMENTET Innleiing, samandrag og konklusjonar

Nytt om namn tek her med innleiing, samandrag og konklusjonar i den 119 sider store rapporten som Samarbeidsnemnda for namnegranskning leverte til Kulturdepartementet i juli i år. I 2009 løyvde departementet 570 000 til fagmiljøet (forvalta av Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo) for å greia ut desse tre sidene ved norsk stadnamngranskning: 1) eit samrådingsmøte for å skaffa oversyn over eksisterande samlingar; 2) eit pilotprosjekt for å måla kor mange årsverk som trengst for å dataføra stadnamnsamlingane; 3) eit prosjekt for utprøving av oppfylgjande stadnamninsamling i Hedmark, hovudsakleg ved hjelp av eldre. Sjå *Nytt om namn* 50 (2009). I etterkant vart det gjeve ei ekstraløyving for å utvikla ein metode for plotting av namn på elektroniske kart. Ei

rekke fagpersonar har gjeve tilskot til rapporten, som er redigert av Botolv Helleland.

Innleiing

Stadnamn er uunnverlege språklege uttrykk i den daglege kommunikasjonen mellom menneske. Dei definerer rommet i den nære og fjerne omgivningen og fungerer som adresser for ulike gjeremål. Samstundes representerer dei viktige kulturminne ved at dei speglar av tidlegare generasjonars arbeidsliv og forståing av naturen på staden der namna har vorte til.

Ut frå ei slik tilnærming fylgjer arbeidet med stadnamn tre hovudlinjer:

- innsamling av stadnamn og oppbygging av funksjonelle namnearkiv både i papirformat og i aukande grad elektronisk der målet er ein mest mogeleg heildekkjande norsk stadnamnbase;
- tilrettelegging for praktisk bruk i samfunnet, som på kart, skilt, adresser, register, normering, lokalhistorisk bruk, undervisning;
- forsking i stadnamn som kjelde til studiet av språk, samfunn og natur.

I Noreg har det vore arbeidd med stadnamn og stadnamninsamling i over 150 år, og mykje er oppnådd, men det står svært mykje att. Ein viktig grunn til å setja inn fornya kraft no er at namnemateriale som ikkje er samla inn, er meir utsett for tap enn nokon gong. Eit problem for seg er at faget namnegransking er i ferd med å verta nedbygd ved universiteta, og det trass i den store interessa folk flest har for namn og namnetyding. Politisk har verdien av stadnamn som kulturarv vore framheva i ulike samanhengar. Fleire stortingsmeldingar og komitéinnstillingar har tala varmt for å ta vare på stadnamna, og no sist språkmeldinga *Mål og mening*.

Det er såleis positivt at Kulturdepartementet har gjeve midlar til å skaffa fram eit oversyn over eksisterande stadnamnsamlingar og prøva ut ein metode for innsamling ved hjelp av eldre, dataregistrering og elektronisk kartfesting av stadnamn.

Føresetnadene for å fylgja opp desse oppgåvene er at det eksisterer fagmiljø som kan organisera og føra eit overordna tilsyn med verksemda. Difor har me funne det rett å omtala tilstanden innanfor namnegransking ved dei institusjonane som driv namnegransking eller forvaltar stadnamnsamlingar. Som det vil gå fram av rapporten, er situasjonen alarmerande. Dersom det ikkje vert gjort noko for å bremsa nedgangen i stillingar og ressursar, vil ein innan fem til ti år vera utan namnevitskaplege miljø i Noreg, med dei fylgjer det vil ha for å vidareføra og kvalitetssikra stadnamnsamlingane og utnytta dei til granskingsføremål.

Samandrag

Kap. 1 med innleiing og samandrag gjev ei kortfatta framstilling av stadnamn som språk og kulturarv, med tilvising til tilrådingar i offentlege innstillingar og meldingar.

Kap. 2 gjev eit meir detaljert oversyn over offentlege komitéinnstillingar og meldingar der stadnamninnnsamling og stadnamn som kulturarv er framheva. Det gjeld:

NOU 1983: 6 Stadnamn. Frå eit utval oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979. Lagt fram for Kultur- og vitskapsdepartementet i mars 1983;

Innstilling fra kirke og undervisningskomiteen om kulturpolitikk for 1980-åra og nye oppgaver i kulturpolitikken (Innst. S. nr. 132 (1984–85));

Kulturpolitikk fram mot 2014 (Stortingsmelding nr. 48 (2002–03));

Endringar i lov om stadnamn (Innst. O. nr. 59 (2004–05));

Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk (St.meld. nr. 35 (2007–08));

Adresseveileder. Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkel-lova (Statens kartverk 2010)

Kap. 3 gjer greie for dei ulike delprosjekta og tiltaka som Kulturdepartementet har løyvd midlar til. **Kap. 3.1** gjev att hovudpunktata i tildelingsbrevet.

Den 19. november 2009 vart det halde eit samrådingsmøte i lokala til Språkrådet med representantar frå dei fleste namnegruppe miljøa i landet. Her vart det lagt fram rapportar om innsamlingsstoda ved dei respektive institusjonane (**kap. 3.2**). Nokre av desse oversyna kom på plass i etterkant av samrådingsmøtet. Situasjonen er noko ulik frå fylke til fylke og frå institusjon til institusjon. Best stilt er fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland. Her er storparten av stadnamna samla inn og til dels tilgjengeleg på internett. I dei andre fylka er ei rekkje einskildkommunar meir eller mindre ferdig innsamla. Ein stor del av dei eldre samlingane ved Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen vart digitalisert med støtte av Noregs forskingsråd. Men i svært mange kommunar er det gjort lite når det gjeld djupinnsamling av stadnamn. Også i dei samiske og kvenske områda er det med få unntak gjort lite. Vidare er det i dette kapitlet gjort greie for ei rekkje prosjekt og metodar når det gjeld innsamling og dataføring av stadnamn. For tilleggsprosjektet om plotting av stadnamn på elektronisk kart er det i **kap. 3.3** gjeve ein førebels omtale. **Kap. 3.4** inneholder ein kortversjon av pilotprosjektet som skulle måla arbeidsomfanget ved dataføring av stadnamnsamlingar på papir. Ein fullversjon finst i Vedlegg I.

Kap. 4 inneholder ein fyldig rapport om Hedmarksprosjektet som hadde til føremål å kartleggja eksisterande lokale stadnamnsamlingar og å ta initiativ til ny eller oppfølgjande innsamling. Prosjektet starta med ei rekkje infor-

masjonsmøte i fylket hausten 2009, der òg fylkeskommunen deltok. I tillegg til informasjonsmøta vart det halde fleire kurs og møte i samarbeid med kommunar, historielag og andre lag. I tillegg til prosjektleieren, Botolv Helleland, som hadde si løn frå Universitetet i Oslo, var tre personar engasjerte på deltid med lønsmidlar frå prosjektet, nemleg Beate Kraggerud, Frode Myrheim og Jorunn Aarsby. I prosjektperioden vart det registrert fleire større og mindre stadnamnsamlingar frå ei rekke kommunar i Hedmark. Samstundes kom det fram at dei fleste kommunane manglar mykje når det gjeld stadnamninnssamling.

Kap. 5 er ei drøfting av ressursar for vidareføring av innsamling og gransking av stadnamn. **Kap. 5.1** tek for seg arbeidet med ein norsk stadnamnbase. Tanken er at flest mogeleg av stadnamna i landet skal takast vare på digitalt og gjerast elektronisk tilgjengelege på internett, til bruk for både fagfolk og ålmenta. I artikkelen «En felles virtuell database for stedsnavn» (**kap. 4.2.16**) er det gjort greie for ein modell der ulike lokale stadnamnbasar kan koplast saman. Ulike modellar har vore framme i diskusjonen, og det er enno eit stykke fram før ein slik samordna stadnamnbase kan realiseraast.

Kap. 5.2 dreg opp linene for kompletterande stadnamninnssamling der ein òg byggjer på røynslene frå Hedmarksprosjektet. Det vert konkludert med at det bør setjast opp eit detaljert oversyn over dei einskilde kommunane der det trengst å ta nye initiativ for å registrera stadnamn.

Kap. 5.3 drøfter behovet stadnamntenesta har, fagleg og materielt, for å kunna fungera optimalt. Det er ein føresetnad for denne tenesta at ho kan byggja på namnefagleg kunnskap også i framtida, noko som i sin tur føreset aktive namnegranskarmiljø med naudsynt rekruttering.

I **kap. 5.4** vert det gjort greie for det vitskaplege arbeidet med stadnamn ved universitet og høgskular, og kva vilkår dei arbeider under no. Særleg vert det peika på dei problema namnegranskning står overfor ved at det er nedgang og bortfall av stillingar og driftsmidlar, noko som fører til redusert undervisningstilbod og dermed eit svekt grunnlag for rekruttering. Dersom den faglege aktiviteten og arbeidet med ein norsk stadnamnbase skal haldast oppe, trengst det ressursar ut over det dei einskilde institusjonane er i stand til å yta no. Også på kvensk og samisk hald står ein stor del av namneskatten i fare på grunn av liten aktivitet i innsamlinga.

Konklusjonar

Innsamling og gransking av stadnamn har lang tradisjon i Noreg og har gjennom åra vore sett på som ein av berebjelkane i kulturarven og skapinga av ein norsk identitet. I dei siste åra har ressursane til stadnamnarbeid gått nedover. Det var såleis fortenestefullt at Kulturdepartementet i 2009 løyvde midlar til eit pilotprosjekt som skulle gje eit breitt oversyn over eksisterande stadnamnsamlingar og stadnamnmiljø, vurdera behova for ressursar

til dataføring av eksisterande samlingar samt prøva ut eit prosjekt for oppfylgjande innsamling med hjelp av eldre som arbeidsressurs. I etterkant vart det gjeve ei løyving til utprøving av metode for plotting av stadnamn på elektroniske kart. Konklusjonane ein kan dra av desse delprosjekta, kan oppsummerast slik:

- Samla sett finst det store stadnamnsamlingar fordelt på dei ulike institusjonane, størst på Namnegransking ved Universitetet i Oslo. Kvaliteten på dei ulike delsamlingane varierer. Innsamlingsgraden er størst på Vestlandet og i Nordland, i andre landsdelar står det mykje att, samstundes som ein konstaterer eit stort bortfall år for år av di informantgrunnlaget vert redusert.
- Det er framleis stor interesse i mange lokalsamfunn for stadnamn-innsamling, men manglande kursing og oppfylging gjer at arbeidet går smått og ofte stansar opp. Hedmarksprosjektet har synt at ved å oppdatera innsamlingsmetoden og ta i bruk ny teknologi som elektronisk plotting av stadnamn på kart, vil ein kunna oppnå store gevinstar.
- Jamvel om ein tenkjer seg at sjølve innsamlinga kan føregå som ein dugnadsinnsats, vil ein ny giv på innsamlingsfronten krevja offentleg støtte (stat, fylke, kommune) både til dekning av utstyr og reising og i særleg grad til å løna faglege innsamlingsleiarar. Ein modell vil vera å engasjera fagpersonar over ein periode frå eitt til tre år i ulike regionar (Austlandet, Sørlandet, Trøndelag og Troms og Finnmark, pluss for det kvenske og samiske området).
- Fullføring av innskrivinga på data av det eksisterande materiale ved Namnegransking er etter prøveprosjektet kalkulert til femten år. I tillegg kjem skanning, retting og konvertering og datakompetanse.
- Norsk stadnamngransking står overfor ei stor utfordring ved at stillingar og ressursar generelt har vorte reduserte år for år, og ei rekke stillingsheimlar ved universitet og høgskular som har gått til namnegransking eller til språkfag, vert omdefinerte etter kvart som innehavarane går av. Dersom denne utviklinga held fram, står namnegransking i fare for å turka inn som forskingsfag. For stadnamntenesta i Språkrådet er dette òg ei svært uheldig utvikling. Difor er det all grunn til ein nasjonal dugnad for den delen av språket og kulturarven som har vore kalla Noregs landnåmabok.

Heile rapporten kjem til å verta lagd ut på heimesida til Norsk namnelag (www.norsknamnelag.no).

SITUASJONEN FOR NAVNEGGRANSKING VED UNIVERSITETER OG HØGSKOLER

Nytt om namn prentar her kap. 5.4 i rapporten «*Stadnamn og stadnamn-innsamling med bakgrunn i eit pilotprosjekt – ein rapport frå familjøet*», levert Kulturdepartementet i juli 2012. I dette kapitlet gjer Ole-Jørgen Johannessen greie for stoda for faget på 2000-talet, men med eit historisk tilbakeblikk.

Fra 1920-tallet og framover har arbeid med stedsnavn, som grovt sett kan deles inn i elementene innsamling, bearbeiding, arkivering og formidling, samt vitenskapelig utforskning, i all hovedsak vært drevet ved eller i tilknytning til våre universiteter og høgskoler. Framfor alt foregikk det meste av arbeidet gjennom Norsk Stadnamnarkiv i Oslo, som ble inkorporert i Universitetet i Oslo i 1972, og ved Universitetet i Bergen. Det vitenskapelige arbeidet med stedsnavn kom i gang i Trondheim da universitetet der ble opprettet, og en tilsvarende aktivitet startet opp i Tromsø, kort tid etter at UiT ble etablert. Ved våre distriktshøgskoler var det framfor alt Distrikts-høgskolen i Rogaland, nå Universitetet i Stavanger, og Distrikts-høgskulen i Møre og Romsdal som markerte stor interesse for slikt arbeid og startet opp med store innsamlinger midt på 1980-tallet. Noen fylkeskommuner har også satt i gang innsamlingsarbeid, f. eks har Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane i samarbeid med Distrikts-høgskulen i Sogn og Fjordane stått for et betydelig innsamlings- og utleggingsarbeid, og Arkiv Nordland, med tilknytning til Nordland fylkeskommune, har finansiert et betydelig feltarbeid og dataføring av materialet, utført av Finn Myrvang. I årenes løp har det også foregått et verdifullt innsamlingsarbeid av lokale krefter, knyttet til lokalhistorisk og kulturhistorisk arbeid rundt om i kommunene, f.eks. i samband med bygdebokskriving.

Store deler av dette arbeidet er nå stanset opp. Det skyldes flere forhold, ikke minst økonomiske og personellmessige. I lang tid har universitetene nedprioritert midler til innsamlingsarbeidet. Slikt arbeid er tidkrevende og kostbart, men til tross for en rivende utvikling på utstyrssiden, noe som har forenklet deler av feltarbeidet betraktelig, har man fra disse institusjonenes side vært lite villig til å følge opp med større midler. Noen institusjoner har i samarbeid med fylkeskommuner og kommuner likevel klart å holde oppe et visst nivå på innsamlings- og bearbeidingsarbeidet, men det er heller unntaket enn regelen.

Men den viktigste grunnen til at navnearbeidet er i ferd med å stanse opp, er vel at det foregår en klar nedbemannning innen feltet ved våre universiteter. Tidligere har man hatt faste, vitenskapelige stillinger til slik virksomhet, men det er i ferd med å forsvinne. Nedbemanningen har gått trinnvis for seg. Først ute var Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet,

NTNU, der den faste vitenskapelige stillingen i dialektologi og navnegransking ble nedlagt da innehaveren falt for aldersgrensen. Ved Universitetet i Oslo er også stillinger blitt nedlagt ved avgang, nå sist ved Botolv Hellelands pensjonering, og den ene stillingen ved Universitetet i Bergen, som dels har ansvaret for Stadnamnsamlinga, dels har hatt ansvaret for undervisning og veiledning i så vel stedsnavn som personnavn, vil ikke bli utlyst ved innehaverens avgang og vil resultere i opphør av arkivvirksomhet, undervisningsvirksomhet og vitenskapelig arbeid med stedsnavn.

Ved UiT ser det ut til å gå samme veien når nå en av landets fremste spesialister i personnavnforskning går fra borde i aller nærmeste framtid, vil stillingen etter ham bli inndradd. Med andre ord, ved landets universiteter er det ikke lenger vilje til eller interesse for å opprettholde navnearkivene og dermed resten av fagfeltet. Det må nok skyldes at feltarbeid, innsamling og arkivering av stedsnavn ikke passer inn i den nåværende instituttmodellen, som hviler på to søyler, studentproduksjon og vitenskapelig forskningsproduksjon dokumentert i publiserte artikler i internasjonale fagtidsskrifter og vitenskapelige avhandlinger.

For å ta vare på dette fagfeltet og den forskningsaktiviteten som hører til, er det nødvendig å ta nye grep. Det virker åpenbart at det ansvaret som universitetene og dermed Utdannelsesdepartementet har hatt for navneinnsamling, navnesamlingene, vitenskapelig arbeid med navnematerialet og formidlingen overfor det øvrige samfunnet, er en saga blott. Det er derfor nødvendig å få opp nye institusjonelle rammer under andre ansvarshavende institusjoner.

Blant fagfeltets forskere, Samarbeidsnemnda for namnegransking og Norsk namnelag, en frivillig organisasjon som teller langt over 300 medlemmer og som blant annet står for utgiving av det vitenskapelige tidskriftet *Namn og Nemne*, har det de siste årene vært drøftet mulige veier videre.

Man har diskutert muligheten av og ønsket om å centralisere virksomheten til ett universitetsinstitutt slik det er gjort i Danmark. Der er all arkiv- og forskningsvirksomhet knyttet til navn inngått som en del av Nordisk forskningsinstitut ved Københavns universitet. Der er det i dag fire vitenskapelige stillinger, og ledelsen har også vært framsynt nok til å utlyse ytterlige to stillinger slik at yngre forskere har en mulighet til å drive forskning i framtiden. En slik løsning ville ha sine klare fordeler, i og med at det fortsatt ville være tette bånd mellom innsamlings- og arkiveringsaktivitetene og den vitenskapelige virksomheten, men den bryter mot det gamle prinsippet om at virksomheten skal foregå i alle våre landsdeler. Dessuten taler den nåværende universitets- og instituttstruktur mot en slik løsning.

Fagmiljøet har også drøftet den modellen som er brukt i Sverige. Navnearbeidet er organisert som en del av Institut för språk och folkminnen (som også innbefatter det svenska Språkrådet), og arbeidet med navn og dialekter

er desentralisert på fire ulike steder, Umeå, Uppsala, Göteborg og Lund. Arbeidet er ikke en del av det høyere utdannings- og forskningssystemet, men er en selvstendig myndighet. Navnearkivet i Uppsala er det største. På mange måter er den svenske modellen et godt utgangspunkt for norske forhold, men den er personellmessig krevende.

Tanken om å la Kartverket overta alt ansvar for stedsnavnarbeidet i landet har også vært drøftet. Kartverket er den institusjon i landet som er den største «bruker» av stedsnavn, og institusjonen har i dag to medarbeidere som har navnefaglig bakgrunn og høy kompetanse. Likevel er Kartverkets navneaktiviteter, det gjelder framfor alt navning på kart og stedsnavnnormering, for smal til den totale bredden i navnearbeidet.

Samarbeidsnemnda for navnegransking har flere ganger muntlig reist spørsmålet om navnefagets framtid med embetsverket i Kulturdepartementet, oftest i tilknytning til navnenormeringsarbeidet som i dag hører hjemme under Kulturdepartementets ansvarsområde. Så langt har det ikke vært gitt noen klare synspunkter fra KDs side på dette spørsmålet, men hele fagets framtid med tanke på nye innsamlinger, bearbeiding av dette materialet, arkivering og ikke minst formidling til tredje part er avgjørende for at normeringsarbeidet fortsatt skal holde høy faglig kvalitet. Uten lett tilgjengelige samlinger, uten fornyet innsamlingsaktivitet og oppdatert moderne fagformidling og uten faglig forankring og samspill med andre institusjoner som driver med aktivt språkarbeid, er vi redde for at de verdifulle språklige og kulturelle verdier som ethvert navn er bærer av, vil reduseres. Derfor mener vi at det i framtiden er naturlig å få navnearbeidet i landet knyttet sterkere til Språkrådet. En slik tanke ble ventilert av kulturkomitéen i forbindelse med stortingsmeldingen/NOU, men den er så langt vi kan se ikke seinere blitt fulgt opp.

Kulturdepartementet har i dag det overordnede ansvaret for norsk språk og språkpolitikk, og gjennom Språkrådet utøves og forvaltes denne politikken. Våre stedsnavn er en integrert del av språket vårt, og det er derfor naturlig at denne delen av vår språkarr får en integrert plass i Språkrådets virksomhet. Hittil har Språkrådet i all hovedsak bare hatt med deler av den desentraliserte navnekonsulentjenesten å gjøre, men denne tjenesten hviler faglig i stor grad på den høye navnekompentansen som har vært ved våre universiteter og høgskoler og de omfattende stedsnavnsamlinger/arkiver som ligger der. For å kunne opprettholde forsvarlig kompetanse i framtiden på feltet må ansvaret for alt navnearbeid overføres til Språkrådet, både arkivene/samlingene og det nødvendige personell.

Ved et slikt grep er det naturlig nok knyttet en del spørsmål. For det første gjelder det overtaking/kopiering av de allerede eksisterende navnebaser og navnesamlinger, digitaliserte eller papirbaserte. Eierskaps- og rettighetssspørsmål må selvfølgelig avklares. Men ut fra det forhold at alt arbeidet har foregått ved hjelp av offentlige midler og at de nåværende «eiere» ikke

ser ut til å ville fortsette arbeidet, må det vel være rimelig å anta at en overføring av materialet til Språkrådet ikke skulle være problematisk.

Det andre store spørsmål er antall fagpersoner som er nødvendig for at arbeidet skal få et adekvat omfang. I dag er det 2,5 årsverk knyttet til Navnekonsulenttjenesten (sekretærerne), og til honorar til de timebetalte navnekonsulentene går det med rundt kr 500 000,- pr. år. Det vil være nødvendig å ha minst ett årsverk pr. landsdel (4) knyttet til innsamlingsorganisering og arbeid med innkommet materiale. For slike stillinger må det kreves høy kompetanse i navnegransking og krav om god innsikt i regionens talemål. Dessuten må man ha en datakyndig ressurs til oppbygging, vedlikehold og videre utvikling av databasen.

Et tredje spørsmål er lokaliseringen av denne virksomheten. Det kan være ønskelig at den er regionalisert slik som virksomheten for Norsk Ordbok 2014 er, men det kan også argumenteres for at den sentraliseres til en av våre universitetsbyer. På det nåværende tidspunkt er det ikke nødvendig å ta et klart standpunkt til dette spørsmålet, men det er klart at den desentraliserte navnekonsulenttjenesten gir visse føringer for regional fordeling.

Man kan tenke seg at navnearbeidet i Språkrådets regi organiseres omtrent slik som terminologiarbeidet er organisert i dag, med et fagråd som er sammensatt av navnforskere og språkforskere og et antall navnforskere og navnekonsulenter.

Hvordan navnforskningen (onomastikken) i Norge skal videreføres, er vanskelig å ha en klar oppfatning av. Det ville være naturlig at slik forskning lå under universitetene, og da innenfor fagfeltet nordistikk (nordisk språk), men også på dette fagfeltet foregår det en kraftig nedbygging, slik at det neppe kan påregnes noen muligheter ved disse institusjonene. Derfor er det rimelig å søke andre løsninger for denne forskningen, og det er ikke unaturlig å tenke seg at en slik virksomhet også finner sin plass som en del av Språkrådets virksomhet.

Ole-Jørgen Johannessen
ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no

BOKOMTALAR

STADNAMN PÅ ÖLAND

Per Vikstrand: *Bebyggelsenamnen i Mörbylånga kommun.* (Sveriges ortnamn. Ortnamnen i Kalmar län 7.) Skrifter utgivna av Institutet för språk och folkminnen. Namnavdelingen. Uppsala 2007. 239 sider.

Dette bandet i serien *Sveriges ortnamn* omhandlar Mörbylånga kommun på den sørlege halvdelen av den lange og smale øya Öland i Austersjøen. Serien kan best samanliknast med den norske serien *Bustadnavn i Østfold* som hittil har kome med ti band.

I grundige innleiingskapittel går forfattaren gjennom natur, landskap og busettnad, den lokale historia med vekt på mellomalderen, talemålet både historisk og dagens variant som vert karakterisert som eit regionalt farga riksspråk, og heradsinndelinga frå sju eldre einingar til den moderne Mörbylånga kommun. Dei største namnegravlege kapitla er omtalen av bustadnamna skipa etter dei atten sokna og dei ni namnetypane i tilfanget frå *-by* til *-torp*.

Øynamnet *Öland* er skriftfest alt i Wulfstans kjende reiseskildring frå 800-talet, rett nok i den gammalengelske forma *Eowland*, men seinare på latin i 1178 i forma *olandia* og først på 1200-talet i ei norrøn form *Eyland*, i eldre svensk *oland* med den enkle tydinga ‘øy’, ein parallel til engelsk *island* ‘øy’. Kommunenamnet *Mörbylånga* er utvikla av eldre *myri* ‘myr, kjerr’, *by* ‘bustad, gard’ og *långa* for å skilja staden frå *Mörbylilla*.

Større utfordring byd soknenamnet *Glömminge* på. Forfattaren legg fram tre teoriar om opphavet, anten avleidd eit ord *glo* ‘mindre vik’ og **glömmingar* om dei som bur der, eller **glo* om ‘lysning’, eller eit lydhermande *glaumr* som også finst i norske elvenamn. Eit terrengnemne ‘lysning’ reknar forfattaren som den mest sannsynlege forklaringa.

Namneforklaringane er lett tilgjengelege også for nordmenn, men den særsvenske lydskrifta (landsmålsalfabetet), som rett nok er forklart, kan vera vanskeleg tilgjengeleg. Det same vil kanskje svenske lesarar seia om Storms lydskriftalfabet i *Bustadnavn i Østfold*, men denne lydskriften er i alle fall i ein viss grad tilpassa IPA.

Boka gjev eit tiltalande inntrykk med mange fargebilete, kart og illustrasjonar i kvalitetstrykk. Vel gjort. Eit skikkeleg namneregister lettar bruken for norske namnegranskantar.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NAMNEMILJØ OG SAMFUNN

Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA-symposium i Ryslinge 12.–15. mai 2009. Redigeret af Lisbeth Eilersgaard Christensen og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 86.) Uppsala 2011. 350 sider.

Med denne NORNA-konferansen ønskte arrangøren, Afdeling for Navnforskning ved Københavns Universitet, å setja fokus på stadnamn som kjelde til kunnskap om førhistoriske samfunn og ikkje minst for å kasta nytt lys over diskusjonen om maktsentrum og maktstrukturar i slike samfunn. Den siste diskusjonen har særleg vore førd mellom danske og svenske namnegranskurar, arkeologar og kulturgeografar.

I denne artikkelsamlinga er tolv av føredraga publiserte. Dei tre artiklane som er skrivne av norske fagfolk, kastar lys over hovudtemaet innanfor geografisk avgrensa område.

Den lengste artikkelen på mest seksti sider er skriven av Ole-Jørgen Johannessen og Bjørn Ringstad om jernalder og samfunn på Nordvestlandet (som Språkrådet har fastsett skal skrivast *Nord-Vestlandet*), fem bygder i Møre og Romsdal, der dei ser nærmere på tilhøvet mellom namnemiljø og gardsbusetnad. Det meste av kunnskapen om eldre tid i desse bygdene kan ein finna i arkeologiske utgravingar, ikkje minst i teknikken med maskinell flateavdekking som har flytt busetnadshistoria tusen år bakover i tida til sein bronsealder. Magrare er det med ny kunnskap om stadnamna i området der lite nytt kjem fram i høve til det som alt er kjent frå *Norske Gaardnavne*. Forfattarane gjer greie for utbreiinga av sentrale namneelement og syner at skattenivået også varierer innanfor kvar namnegruppe.

Tom Schmidt tek for seg det minste geografiske området i artikkelen «Jernalderens navnemiljø i Slidre i Valdres». Han går gjennom det arkeologiske materialet som finst, og påviser samanheng mellom arkeologiske funn og alderen på stadnamnelement som *vin*, *heimr* og *staðir*. På gardar med yngre namnetypar som *ruð* finst det ikkje funn frå førhistorisk tid.

I artikkelen «Ein gard på kvar hol» skriv Inge Særheim om namnemiljø og sentralitet i eit jordbruksamfunn i jernalderen lenger sør på Vestlandet, for det meste Jæren. Han viser kor komplisert tilhøvet er mellom namnetypen i dag og ein førhistorisk sentralgard. I mange tilfelle er det slik at garden må vera monaleg eldre enn namnetypen signaliserer, t.d. gjennom elementet *land*. Det krevst i kvart enkelt tilfelle nøye undersøkingar for å fastslå tilhøvet mellom sentralgard og namnetype. Om namn har vorte borte som namn på hovudgarden, kan dei stundom framleis finnast i inn- og utmark som namn på t.d. bruk eller teigar.

Eit velkjent arveord i nordiske språk er *lund* med tydinga ‘liten skog, holt’ i ordbøkene, i stadnamn også med ei sakral tyding ‘heilag lund, offer-

lund' frå heiden tid. I eit dansk materiale med *lund*-namn syner Birgit Eggert at mange slett ikkje treng vera så gamle som ofte tenkt, dei fleste er derimot ganske unge i alder frå sein vikingtid og enkelte jamvel endå yngre. I det jyske materialet finn ho ikkje noko prov på at namnetypen er eldre enn tidleg mellomalder, og ting kan tyda på at namneleddet *lund* har hatt ein liknande funksjon her som det relativt unge leddet *torp* andre stader i Danmark. Andre distrikt som Sjælland og Lolland–Falster syner derimot ei tydeleg kopling mellom *lund*-namn og tilsvarande høgt skattenivå som andre gardsnamn frå jernalderen. Alderen på desse *lund*-namna skulle dermed vera om lag den same.

I ein artikkel kan me lesa om ordelementet *Gudme* i fem danske stadnamn med elleve førekomstar i Norden, og i ein annan om *rink* og *karl* i svenske og danske stadnamn, illustrert med dei administrative namna *Karleby* og *Rinkeby*.

Mette Pilgaard slår fast at *Farrisskogen* i Sønderjylland ikkje er ein overlevert myte, men ein realitet. Svavar Sigmundsson skriv om namnemiljø og ting på Island, Lasse Sonne om teofore stadnamn og kult, Jan-Paul Strid om stadnamn og kulturlandskap i eldre jernalder og Per Vikstrand om sakrale stadnamn i dimensjonen sentrum–periferi. Lisbeth Eilersgaard Christensen prøver å finna førhistoriske, sentrale namnemiljø i Danmark med tilsvarande posisjon som alt påviste namnemiljø i Sverige.

Artikkelsamlingar er ikkje som før. Denne boka er påkosta både i papir, trykk og illustrasjonar med fargefoto og fargelagde kart. Særleg kart og diagram frå eldre kjelder eller med komplisert fargebruk slit med å komma heilskinna gjennom trykkjeprosessen, men ikkje slik i denne boka. Vel gjort.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NYTT HEFTE AV SVERIGES MEDELTIDA PERSONNAMN

Sveriges medeltida personnamn. Häfte 16. Iohan–Iordan. Institutet för språk och folkminnen, Uppsala. Elanders Sverige, 2011. 160 spalter.

Eit stort prosjekt med få hefte på relativt lang tid. Alt i 1943 tok Ivar Modéer initiativet til å samla førenamn og tilnamn frå mellomalderkjelder i ei ordbok, som hittil har kome med 16 hefte frå *Abbe* til *Iordan*. Bortsett frå nokre få spalter på slutten om *Ionas* og *Iordan* handlar heile heftet om kjeldematerialet for dei kristne namna *Iohan* og *Iohannes* med variantar.

På slutten av opplistinga av belegg for kvart namn følgjer ein kort kommentarartikkel om variantar, tyding, opphav, kasus o.a. Dei eldste og vanlegaste formene er *Iohan* og *Jon* som går attende til slutten av 1000-talet. Om *Ionas* heiter det at det kan vera vanskeleg å gjennomskoda om eit anna namn ligg bak. Otterbjörk (*Svenska förnamn*, s. 104) oppfattar namnet som ei kortform til *Johannes*, men alle belegga frå Skåne tyder på at *Ionas* i alle høve her fungerer som eit sjølvstendig namn.

Medan det norske fagmiljøet for tida slit både med rekruttering og økonomi (som sjølvsagt heng i hop), har svenskane ressursar til å driva dette prosjektet fram og vonleg igjennom. Ordboksprosjekt av dette slaget lèt seg ikkje avslutta slik utan vidare midt i ein bokstav, men ei digital utgjeving kan på ein god måte erstatta den tradisjonelle boktrykkmetoden, ikkje minst fordi det imponerande materialet dermed ville vorte søkbart.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

BAND 10 AV *BUSTADNAVN I ØSTFOLD*

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. Band 10. *Aremark*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Margit Harsson. Novus forlag, Oslo 2012. 366 sider.

Det tiande – ikkje det åttande slik det stend i innleiingi – bandet av Kåre Hoels *Bustadnavn i Østfold* (heretter BØ) er no komi. Denne gongen er det Aremark med Øymark. Boki er i alt på 366 sidor. Bandet tek til med hovudsoknet Aremark og gjeng deretter over åt anneksoknet Øymark.

Band 10 følgjer den same malen som tidlegare, og etter ei innleiing kjem matrikkelgardane i den rekkefylgja dei hev i Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne*. Ikkje-matrikulerte bustader i 1886-matrikkelen er førde inn bak dei gardande dei låg under. Det er som i tidlegare band skilt mellom utgreiningane åt Oluf Rygh, Kåre Hoel og utgjevaren ved høvesvis liti skrift, vanleg tekst og vanleg tekst mellom to loddrette strekar: | ... |. Band 10 inneheld 914 bustadnamn, irekna dei bortkomne namni. Til samanlikning inneheld *Norske Gaardnavne* for Aremark og Øymark berre 212 namn, og det er med andre ord over fire gonger fleire namn. Her er eit spenn frå dei gamle soknenamni *Aremark* – kanskje av innsjønamnet **Ari* – og *Øymark* – av innsjønamnet *Øyji* – attåt gardsnamn som *Fange* – kanskje av ‘fangst’ eller ‘utmark’ – og *Følingen* – kanskje av eit gamalnorsk **Fylingr* i tydingi ‘gøyhestad’ – til nyare namn som *Prøysen* – oppkallingsnamn etter land-

skapet *Preussen* i Tyskland – og *Malen* – ei bundi form av ordet *mal* i tydingi ‘steinbanke’ eller ‘steinstrand’.

Det er påfallande kor lite utbreidde daglegnamn på *-stua* og *-garden* er i Aremark og Øymark – til dømes *Oppistua* og *Neistua Espelund* – i alle fall samanlikna med Romerike der det er svært vanleg (sjå «Bruksnamn på Romerike» i *Årbok for Romerike Historielag XXII*). Langt vanlegare ser det ut til å vera med sekundær utmerkjing som til dømes *Nordfange*, *Sør-fange* og *Sørhallesby*.

I tillegg til Kåre Hoels innsamling av uttale og namn tidleg i 1950-åri er i det store og heile alle skriftlege kjeldor fram til og med 1590-åri tekne med. Etter 1590-åri er det gjort eit utval av kjeldor som til dømes lensrekneskapar, matriklar, manntal, tingbøker, tiendemanntal, kyrkjebøker, ekstraskatten frå 1762 attåt folketeljingane frå 1801, 1865, 1875 og 1900. I tillegg er det òg nytta trykte kjeldor som til dømes *Aktstykker til de norske stændermøders historie 1548–1661*, *Fredrikstad lagtingsprotokoll (1607–1615)*, *Biskop Jens Nilssøns Visitasbøger og Reiseoptegnelser 1574–1597*, *Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567* og *Skattematrikkelen 1647*.

Jamvel om kjeldor frå dansketidi ikkje hev så stor verdi for tolkning av stadnamni som dei frå gamalnorsk tid, hev dei krav på interesse, særleg med tanke på eldre tids uttale. Trass i at utgjevaren hev vori klar over at mange av stadnamni ikkje er rett avskrivne (jf. «Skriftformene er gjengitt ‘noget forenklet’ i denne kilden», s. 319) er *Aktstykker til de norske stændermøders historie 1548–1661* nytta. Etter mitt syn burde ikkje denne prenta kjelda ha vori nytta, ettersom ho inneheld heller mange range skriftformer. Sjølv vart eg merksam på veikskapen å kjelda da eg nytta ho under arbeidet med *Segltegninger fra hyllingene i Norge 1591 og 1610* (utgjevi av Norsk Slektshistorisk Forening i 2010). Døme på rang skriftform i den trykte kjelda er «Øfvertsbirkebech», rett form er *Øfvertbirkebech*, ikkje «Følleng», men *Føllenng*, og ikkje «Holmegild», men *Hollmegilldt*.

Elles er det for dei eldste gardsnamni referert til «1593 NG». I oversynet over kjeldor bak i boki (s. 321) er det nemnt at dette er ei ukjend kjelde, og det er difor berre vist å *Norske Gaardnavne*. Etter mi mening burde det her ha vori lett å finne fram til at den kjelde det er tale om, må vera bygningsskatt for jonsok 1593 for Idd og Marker len (Digitalarkivet). Her stend det til dømes ikkje «Østensvig», slik Rygh hevdar, men *Østennßuig* med skillings-s (to gonger), med andre ord kan ein òg skrive det som «Østennssuig». Det kan synast som småplukk om eit namn blir skrivi med enkel eller dobbel konsonant, men poenget er at det i desse dømi heller burde ha vori nytta primærkjeldor i staden for trykte kjeldor. Det same kan ein seia om matrikkelen for 1723. Hadde ein brukt primærkjelda her, ville ein ha fengi med seg at **Grenimørk* er nemnd i 1723, og ikkje berre fram til siste halvdel av 1600-talet.

Bustadnavn i Østfold er eit framifrå vitskapleg verk, og band 10 er ikkje noko undantak. Serien er òg eit framifrå lokalhistorisk verk, men eg undrast over at firebandsverket *Gårds- og slektshistorie for Øymark* av Grete Brustad Nilsen ikkje er nemnt mellom litteraturen bak i boki. Dette verket vart avslutta i 2009 (fyrste bandet kom i 2007), og Harsson burde difor fengi det med seg.

Bak i registret vantar ein del namn på matrikkelgardar uthøva eller feit skrift som: Ankerud, Anonby, Flatland, Fossby, Følingen, Krossby (både 25 og 98), Løvøya, Mørholt, Nysterud, Sikerød, Skolleborg (ikkje Skolleberg), Solerud, Stikle, Sund, Svarød, Viken, Volen og Våkelsby. Her er òg gardar som strengt teki ikkje er matrikkelgardar uthøva, som til dømes Otteid.

Under Årbu på s. 120 er dømet frå gjengjerdene i 1514 (NRJ) ikkje komi fremst som eldste døme på skriftform.

Frode Myrheim
frodmyr@gmail.com

FLÅTT OG HANTIKK OG *NORSK ORDBOK* BAND X

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band X. skodde–stæveleg. Det Norske Samlaget, Oslo 2012. 1630 spalter + VIII sider.

I Dagbladet 25. juni 2012 er insektkrigen i full gang for n-te gong: «Flåtten er farligst nå!» Men kvar vart det av *hantikken*? Jo, begge finst i *Norsk Ordbok* (NO), men snart er det einaste staden i alle fall *hantikken* overlever. Om han ikkje er borte frå kratt og ku, er han i alle fall borte frå massemedium, og etter kvart, vil eg tru, på veg ut or folkemålet for godt. Litt søkt innleiing til ein omtale av *Norsk Ordbok* band X kanskje, men *flåtten* finst like fullt under oppslaget *skogflått*, til og med belagt frå Stavanger Aftenblad (1987) midt i *hantikk*-området, kanskje fordi eit ord **skog-hantikk* ikkje finst? Til og med i *Nynorskordboka* med snautt 100 000 oppslagsord har *hantikken* falle ut, så einaste ordboka med dette ordet i dag er faktisk NO: **han-tikk** m ‘flått; flått før han har fått sogn seg full’ (!) med utbreiing over heile Sørvestlandet. Det skulle ein ikkje tru når ein les aviser. Ordparet *flått* : *hantikk* er eit aktuelt døme på korleis massemedium styrer kva ord som overlever i framtida.

Ingen tvil om at NO vil verta den mest fullstendige samlinga av ord frå norsk talemål nokosinne, og det skal godt gjerast heretter å finna «løgne»

dialektord som ikkje er registrerte med nødvendige opplysningar. Ikkje så få bygdefolk lever i den trua at «spesielle» bygdeord berre finst lokalt, og at tydinga ikkje er registrert. Eit godt døme på dette fekk me i vinter då tydinga av og opphavet til dialektordet *gæljerister* vart etterlyst i Hamar Arbeiderblad. Nokre dagar gjekk med lause og sprikjande innspel til ein person ein dag rett og slett slo opp i det mest nærliggjande verket, NO, og løyste floken: **galgeristar** m 1) brotsmann, fark o.a., 2) galning, villbasse, kjent fleire stader på Austlandet. Verre var det ikkje! Og ordet er slett ikkje kjent berre frå Ringsaker.

I fjar vart det publisert ei ny dialektordbok frå Furnes i Ringsaker, *Hykjilpåk og dekastikke*, rett nok utan *galgeristaren*. I denne omtalen skal me kommentera eit par ord under S og jamføra dei med artiklar i NO.

Fyrste ordet (*gå*) *skogleies* ‘gjennom skogen’ har identisk oppføring i NO, men alt i neste ordet *skoLe opp* og *skoLe under* møter me ei uttaleform som ikkje utan vidare leier oss til *skorda* i NO. Ei viss innsikt i rettskriving og etymologi er ikkje så sjeldan ein føresetnad for at brukaren skal finna rette ordartikkelen. Dette problemet vert forsterka når dialektbrukaren vil slå opp ord han sjeldan eller aldri har sett i normalisert form på trykk. Tydinga «legge Stein, trebiter eller lignende under noe for å støtte opp» samsvarar rimeleg godt med «setja noko fast med press nedanfrå» i NO, og geografisk heimfesting m.a. til Furnes med same bruksdømet, rett nok i normalisert form, viser at redaksjonen alt har ekspert denne ferske ord-samlinga frå 2011. Dermed finn eg det noko unødvendig å jamføra ord-artiklane systematisk, berre eit par kommentarar til.

Terrengordet *skoro* f står oppført med tydinga «skar, sprekk» og bruksdømet «*ei skoro i bærjet*», i NO med den normaliserte oppslagsforma *skore* ‘skard’ med eit bruksdøme frå Stange, altså godt samanfall både i tyding og geografisk område. Igjen byr eit dialektord på utfordringar når ein skal leita seg fram i NO, for leita må ein i ein nokså lang artikkel under *skore* f, og ein kan bli forvirra av liknande artiklar om m.a. *skor* f, *skor* n og *skorde* f. Uttale med /å/ kan også føra lesaren til å leita etter *skår(e)*, som også finst, men i ei anna tyding, m.a. ‘ljådrag’, ‘slåttestykke’. Svært frekvente ord i m.a. Ryfylke er terrengnemna *skorte* f og *skor* f med delvis samanfallande tyding ‘berghylle’, ‘avsats i berg’.

Sidan ordforma *stil* ‘stol’ ikkje lenger finst som appellativ i Ringsaker, men førekjem berre i stadnamn (*Tørbustilen*, *Storstilen*), vil ikkje varianten førekoma i NO, derimot i Furnes-boka med kommentaren «bevart kun i navn». Omtalen av *støl* i NO kjem i neste band.

Noko påfallande er det at Furnes-boka under S inneheld svært få terreng-appellativ med lokalt innhald av særskild interesse for ein namnegranskar.

Unødvendig å gjenta det i kvar omtale av nye band, men kor som er, like viktig er det kvar gong å slå fast at NO er i rute. Prosjektet må ganske enkelt vera avslutta til grunnlovsfeiringa i 2014 med det avsluttande band

12. Kor lite redaksjonen har å gå på, får me eit inntrykk av i ei kort opplysning i innleiinga om at produksjonen vart ein halv månad forseinka fordi talet på redaktørar vart 27 i staden for dei planlagde 28! Det som gjer den høge utgjevingstakten mogleg, er både gode og innarbeidde produksjonsrutinar og ei veltilpassa fullelektronisk plattform. Prosjektdirektør har vore Åse Wetås og hovudredaktørar for dette bandet Oddrun Grønvik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. 32 medarbeidarar har levert manuskript.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

GARDSHISTORIE MED FAGLEG SANS FOR NAMN

Knut Skorpen: *Gardshistorie for Vefsn. Gnr. 1–32. Med fjordbygdene, Vefsndalen og Eiterådalen.* (Vefsn bygdebok. Særbind VIII A.) Mosjøen 2012. 608 sider.

For namneinteresserte kan bygdebøkene ofte vera ei blanda oppleiving. Ved gardsnamna refererer ein gjerne tolkinga i *Norske Gaardnavne* og er nøgd med det. Spor etter dei siste hundre års stadnamngransking skal ein leite godt etter. Naturnamn blir sjeldan fletta inn i den historiske framstillinga, og personnamn og andre namn blir vanlegvis ikkje i det heile problematiserte i ein lokal kontekst.

Den gardshistorieboka vi no har fått frå Knut Skorpens hand, er slik sett heilt annleis. Det er ei framstilling som både i form og innhald skil seg frå vanlege bygdebøker på ein svært positiv måte. Her blir dei moderne typografiske framstillingsmåtane utnytta på ein framifrå måte. Fin og avstemt fargebruk blir nytta så vel i vanlege fotografi som i diagram og kartframstillingar. Men særleg skil denne bygdeboka seg ut ved at forfattaren viser stor innsikt i namnettolking og kjenner litteraturen på dette området.

Skorpen har dessutan vore heldig med at det er laga ei hovudoppgåve frå dette området. Dessutan er det frå ein av gardane skrive ei særøppgåve ved den vidaregåande skolen. Vi har vel òg ein mistanke om at forfattaren har hatt ei god stø i den sterke kulturinteressa, ikkje minst namneinteressa, i vefsnbygdene. Her finst det på dette området mange vel kompetente kulturberarar.

Frå dei fleste gardane er det fargerike flyfoto med innskrivne stadnamn på sjølve namneobjektet. For lærarar må det vera fantastisk å finne slike kjelder til undervisninga i ungdomsskole og vidaregåande skole. Her kjem namn som fortel om eldre tiders daglegliv på rekke og rad: *Resmålstuva,*

Halvgåttbekken, Kaukarberget, Mølnforsen, Skavdalen. Og Skorpen dreg slike namn inn i den historiske framstillinga.

I tillegg til stadnamna har forfattaren òg med eldre tiders personnamn og namnebruk. Endatil dyrenamn frå skifte på 1700-talet får han plass til frå den enkelte garden, i margplassering eller boks. Ulikt dei fleste bygdebøker tek han òg med folkeminne som kan festast til garden. Her har han hatt god hjelp i samlingane etter Knut Strompdal og Reidar Svare.

Ved ei samla vurdering trur eg dette må vera den mest heilstøypte og formfullenda gardshistorieboka vi har i vårt land. Dette er nemleg ei gards-historie som ikkje berre rommar økonomisk historie og slektsrekker. Forfattaren har forstått at forfedrane våre òg har hatt det vi i vid forstand kan nemne som åndsliv – og han lèt etterslekta få del i det.

Ola Stemshaug
ola.stemshaug@ntnu.no

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: kristoffer.kruken@iln.uio.no.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

www.norsknamnelag.no. E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **gunnstein.akselberg@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

www.uib.no/fg/namnegransking

Statens kartverk har denne heimesida:

www.statkart.no

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

www.norgeskart.no

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **http://nfi.ku.dk**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/servlet/GetDoc?meta_id=1053**,

www.lantmateriet.se

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

www.norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

www.icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**